



SPELEMIDLAR TIL IDRETTSANLEGG

Ein gjennomgang av søknader,
tildelingar og anlegg


2021



Spelemidler til idrettsanlegg

Ein gjennomgang av søknader,
tildelingar og anlegg

2021



Forord

Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) har i samarbeid utarbeidd denne statistikksamlinga om idrettsanlegg og tilskotsordninga for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Samlinga tek for seg tilskotsordninga for idrettsanlegg i kommunane, som blir fordelt gjennom post 1.1 på hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsformål. I tillegg kjem det fram nokre tal for tilskot til nasjonalanlegg og Nyskapande aktivitetsarenaer.

Kultur- og likestillingsdepartementet og Norges Idrettsforbund har samarbeidd om å gje ut denne rapporten sidan 2014.

Statistikk og data frå idrettsanlegga i Noreg og tilskotsordninga for anlegg for idrett og fysisk aktivitet er etterspurde. Målet for arbeidet har vore å utarbeide ein oversiktleg og grundig gjennomgang av tilskotsordninga og statusen for idrettsanlegga i Noreg og å identifisere sentrale utviklingstrekk.

Rapporten er utarbeidd av anleggsrådgjevar Torstein Busland i NIF og seniorrådgjevar Alice C. Boyd i KUD.

Søknads- og anleggsdataa baserer seg på det statlege anleggsregisteret (www.anleggsregisteret.no) som blir oppdatert av kommunar og fylkeskommunar i samband med tilskotsordninga. Alle dataa er avhengige av kontinuerleg innrapportering, og avvik kan førekomme. Søknadsdataa baserer seg på tal frå tildelingsåret 2021.

Vi håper denne utgjevinga held fram med å gje kommunane, fylkeskommunane og idretten ei god oversikt over idrettsanlegga og spelemidelordninga og med å vere eit nyttig bidrag til arbeidet med idrett i forskjellige samanhengar.

Lars Audun Granly

ekspedisjonssjef

Kultur- og likestillingsdepartementet

Nils Einar Aas

generalsekretær

Norges idrettsforbund og
olympiske og paralympiske komité

Samandrag

Hovudtal

Det blei fremja 3 733 spelemidelsøknader i søknadsrunden for året. Søknadssummen var 6 079 millionar kroner, og tilhøyrande investeringar var 31,6 milliardar kroner. Søknadsbeløpet og tilhøyrande investeringar har aldri vore høgare. Det offentlege, først og fremst gjennom kommunane, står for dei største investeringane og får mesteparten av spelemidlane.

Tabellen nedanfor viser søknadsbeløp og investeringar fordelte på det offentlege, idretten og andre søkjarar.

Søkjar	Tal på søknader	Søknadsbeløp (millionar kroner)	Godkjend kostnad (millionar kroner)	Prosent av søknadsbeløp
Det offentlege	2 241	4 432	24 577	73
Idrettslag	1 106	1 160	5 138	19
Andre søkjarar	386	487	1 921	8
Totalt	3 733	6 079	31 636	100


Regjeringa sette av 1 569 millionar kroner på post 1.1 i hovudfordelinga. Fylkeskommunen fordeler i tillegg rentemidlar og inndregne midlar frå tidlegare søknadsrundar, slik at det totalt blei fordelt 1 682 millionar kroner til søkjarane. Det har aldri vore tildelt eit høgare beløp.

Etterslepet¹, eller det udekte behovet for spelemidlar, blei for første gong på mange år redusert. Reduksjonen var på 14 millionar kroner, men etterslepet ligg framleis på i overkant av 4,5 milliardar kroner.

1 630 søknader blei fremja for første gong, mens 2 103 søknader er fremja ein eller fleire gonger tidlegare. Søknadssummen for dei nye søknadene var 1 671 millionar kroner, og investeringane var 7,4 milliardar kroner.

Spelemidlane dekkjer i gjennomsnitt 21,7 prosent av kostnadene til dei forskjellige prosjekta, men det er store forskjellar mellom dei ulike anleggstypene. Gjennomsnittleg spelemidandel for dei forskjellige anleggskategoriene er vist på figuren på neste side.

¹ Etterslepet, eller det udekte behovet for spelemidlar, er definert som differansen mellom søknadssum og tilgjengelege midlar sette av på post 1.1 Idrettsanlegg i kommunane i hovudfordelinga. Fylkeskommunen tildeler i tillegg rentemidlar og inndregne midlar frå tidlegare søknadsrundar, noko som gjer at etterslepet – det udekte behovet for spelemidlar – er noko lågare.





Reint generelt kan ein seie at andelen spellemidlar blir redusert med aukande prosjektkostnad.

Tabellen nedanfor viser talet på søknader knytte til dei forskjellige anleggskategoriene.

	Nye søknader	Andel av nye søknader	Totalt tal på søknader	Andel av totalt tal på søknader
Mindre utandørsanlegg	474	29 %	966	26 %
Friluftslivsanlegg	247	15 %	469	13 %
Idrettshus og servicebygg	153	9 %	316	8 %
Fotballanlegg	133	8 %	422	11 %
Idrettshallar og aktivitetssalar	115	7 %	426	11 %
Ski- og alpinanlegg	108	7 %	197	5 %
Kart	80	5 %	103	3 %
Klatreanlegg	47	3 %	129	3 %
Skyteanlegg	47	3 %	106	3 %
Sykkelanlegg	47	3 %	82	2 %
Racketsportsanlegg	36	2 %	76	2 %
Symje- og stupeanlegg	33	2 %	139	4 %
Skateanlegg	24	1 %	79	2 %
Friidrettsanlegg	21	1 %	87	2 %
Golfanlegg	18	1 %	23	1 %
Hestesportanlegg	14	1 %	26	1 %
Vassportanlegg	13	1 %	28	1 %
Is- og skeiseanlegg	9	1 %	33	1 %
Motorsportanlegg	8	0 %	22	1 %
Luftsportanlegg	3	0 %	3	0 %
Bogeskyttaranlegg	0	0 %	1	0 %
Sum	1 630	100 %	3733	100 %


44 prosent av dei nye søknadene for året gjaldt mindre utandørsanlegg og friluftslivsanlegg. Det har vore ein stor auke i talet på nye søknader knytte til desse to anleggstypene dei seinare åra.

Figurane nedanfor viser søknadssummane og tildelingane for året fordelt på dei forskjellige anleggskategoriene.




Investeringane frå det offentlege og frå idretten per anleggskategori

Figuren nedanfor viser investeringane frå det offentlege fordelte på dei forskjellige anleggskategoriene.



Heile 77 prosent av investeringane som er frå det offentlege, gjeld idrettshallar og symjeanlegg. Det offentlege har fremja søknader knytte til 19 anleggskategoriar.

For idrettslaga er fordelinga noko annleis.



Her dominerer investeringar i idrettshallar, fotballanlegg og klubbhus. Idrettslaga har fremja søknader knytte til 21 anleggs-kategoriar.

Søknadssum og tildeling per fylke

Søknadssum og tildeling per fylke er viste i tabellen nedanfor.

	Søknadssum (kroner)	Total tildeling (kroner)
Agder	347 594 000	100 605 000
Innlandet	447 689 000	114 199 000
Møre og Romsdal	371 786 000	88 182 000
Nordland	434 258 000	95 619 000
Oslo	180 036 000	163 977 000
Rogaland	631 294 000	154 981 000
Troms og Finnmark	322 445 000	84 868 000
Trøndelag	741 978 500	182 269 000
Vestfold og Telemark	387 125 000	125 277 000
Vestland	957 740 000	216 045 000
Viken	1 256 800 000	355 737 000
Sum	6 078 745 500	1 681 759 000

Anleggsoversikt

Statistikk og oversikt over opne anlegg i anleggsregisteret viser at det er stor sammenheng mellom tettbygde strøk og låg anleggsdekning. Det må derimot ikkje lesast som om regionar med god anleggsdekning har anlegg lett tilgjengelege for alle. Her vil det ofte vere vesentleg større reiseavstandar.

Det er flest anlegg i kategorien friluftslivsanlegg når det gjeld ordinære anlegg, og flest i kategorien mindre utandørsanlegg når det gjeld nærmiljøanlegg.

Innhold

1	Spelemidler til idrettsformål	15
1.1	Hovudfordelinga	15
1.2	Spelemidler til anlegg	21
2	Omgrep og definisjonar	25
2.1	Ordinære anlegg – nærmiljøanlegg	25
2.2	Idrettsanlegg – anlegg for eigenorganisert aktivitet	26
2.3	Godkjend kostnad (investeringar)	26
3	Hovudtal for spelemidelsøknadene	29
3.1	Hovudtal	29
3.2	Søknadsbeløp for dei enkelte søknadene	30
3.3	Spelemidelandel	33
3.4	Etterslep – udekt behov	35
4	Hovudtal ordinære anlegg og nærmiljøanlegg	37
4.1	Hovudtal ordinære anlegg	37
4.2	Hovudtal nærmiljøanlegg	41
5	Søknader og tildelingar per anleggskategori	45
5.1	Talet på søknader per anleggskategori	45
5.2	Søknadsbeløp og spelemidelandelar per anleggskategori	50
5.3	Investeringar per anleggskategori	57
5.4	Investeringar per søkjargruppe	61
5.5	Tildelte midlar per anleggskategori	69
6	Søknader og tildelingar per fylke	75
6.1	Talet på søknader, søknadssummar og godkjende kostnader	75
6.2	Tildelingar per fylke	84
6.3	Ventetid på utbetaling av spelemidler	85

7	Idrettsanlegg og anlegg for eigenorganisert aktivitet	87
7.1	Talet på søknader, søknadssummar og godkjende kostnader	87
7.2	Tildelingar	90
8	Fylkeskommunale prioriteringar	93
8.1	Fylkeskommunale prioriteringar av søknadene for året	93
8.2	Fylkeskommunal prioritering – ein gjennomgang av nye søknader fremja i 2015	94
8.3	Når blei søknadene for året fremja første gong?	101
9	Anleggstilbod	103
9.1	Atterhald og føresetnader	103
9.2	Anleggstilbod – kva er det?	104
9.3	Ordinære anlegg – nasjonal oversikt	105
9.4	Kven eig dei ordinære anlegga?	108
9.5	Nærmiljøanlegg – nasjonal oversikt	111
9.6	Nasjonalanlegg	113
9.7	Nyskapande aktivitetsarenaer	114
	Vedlegg 1	115
	Vedlegg 2	117



Spelemidler til idrettsformål

1.1 Hovudfordelinga

Spelemidlane stammar frå overskotet til Norsk Tipping og blir fordelte av regjeringa via hovudfordelinga. Dette skjer vanlegvis i slutten av april. Norges idrettsforbund og Antidoping Norge får sine tildelingar i desember året før. Hovudfordelinga som for 2021 består av sju hovudpostar med frå ein til fem underpostar, er vist i tabell 1. Post 7 Prioriteringar i idrettsstrategi var ein ny post der det var sett av midlar til ei satsing i tråd med idrettsstrategien som blei framlagd i september i 2021.

		Tildeling
Post 1	Idrettsanlegg	
1.1	Idrettsanlegg i kommunane	1 568 521 000
1.3	Løypetiltak i fjellet og overnattingshytter	32 000 000
1.4	Utstyr	32 500 000
1.5	Nyskapande aktivitetsarenaer	30 000 000
		1 663 021 000
Post 2	Nasjonalanlegg / Spesielle anlegg	
2.1	Nasjonalanlegg	23 230 000
2.2	Spesielle anlegg	67 225 000
		90 455 000
Post 3	Forskings- og utviklingsarbeid	
3.1	Idrettsforskning	23 000 000
3.2	Idrettsfagleg utvikling	2 000 000
3.3	Anleggsfagleg utvikling	2 000 000
3.4	Digital utvikling	5 400 000
3.5	Utviklingsarbeid i fylkeskommunane	1 812 000
		34 212 000

Tabellen fortsetter på neste side


		Tildeling
Post 4	Spesielle aktiviteter	
4.1	Antidopingarbeid mv.	53 900 000
4.2	Fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag	10 000 000
4.3	Friluftstiltak for barn og ungdom	40 000 000
4.4	Eigenorganisert fysisk aktivitet	4 000 000
4.5	Arrangementstilskot	15 000 000
		122 900 000
Post 5	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	
5.1	Grunnstøtte NIF sentralt og regionalt	135 000 000
5.2	Grunnstøtte særforbund	276 000 000
5.3	Barn, ungdom og bredde	174 000 000
5.4	Toppidrett	165 000 000
		750 000 000
Post 6	Tilskot til lokale lag og foreiningar	
6.1	Tilskot til lokale lag og foreiningar	420 000 000
		420 000 000
Post 7	Prioriteringar i idrettsstrategi	
7.1	Prioriteringar i idrettsstrategi	150 000 000 ²
		150 000 000
	SAMLA SUM	3 230 588 000

Tabell 1 Hovudfordelinga

Post 7-midlane blei fordelte til ei rekkje forskjellige tiltak. 50 millionar kroner blei fordelte til lokale aktivitetsmidlar. Desse blei lagde til dei 420 millionane som allereie var fordelte til post 6. 35 millionar kroner blei fordelte til idrettskretsar og særforbund gjennom NIF, 5 millionar kroner blei fordelte til «Tilbake til idretten»-kampanjen, og 3 millionar blei fordelte til Tverga. Det blei sett av 30 millionar kroner til eit treårig krafttak for mangfald og inkludering i idretten. Det blei vidare sett av pengar til å styrkje «Inkludering i idrettslag» og til ei tidsavgrensa søknadsordning for mangfalds- og inkluderingsprosjekt.

² Fordelinga av midlane på post 7 vil skje i august 2021.

Figur 1 viser korleis hovudfordelinga har utvikla seg frå tusenårsskiftet.



Figur 1 Hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsformål

Regjeringa fordelte 3 231 millionar kroner til idrettsformål i 2021. Dette var ein auke på 370 millionar kroner samanlikna med i 2019. Overføringane er auka med 2,4 milliardar kroner sidan 2001 og er nær fire gonger så store som dei var i 2001. Den årlege veksten har vore 7,1 prosent. Konsumprisindeksen har til samanlikning auka med 2,0 prosent i året i den same perioden³.

Tabell 2 viser hovudfordelinga for året med endringar frå 2020.

		2021	2020	Differanse	Prosent endring
Post 1	Idrettsanlegg	1 663 021 000	1 525 050 000	137 971 000	9,0
Post 2	Nasjonalanlegg/Spesielle anlegg	90 455 000	55 187 000	35 268 000	63,9
Post 3	Forsknings- og utviklingsarbeid	34 212 000	33 937 000	275 000	0,1
Post 4	Spesielle aktivitetar	122 900 000	145 285 000	-22 385 000	-15,4
Post 5	NIF	750 000 000	730 000 000	20 000 000	2,7
Post 6	Lokale aktivitetsmidlar	420 000 000	372 000 000	48 000 000	12,9
Post 7	Prioriteringar i idrettsstrategi	150 000 000	0	150 000 000	
	Totalt	3 230 588 000	2 861 459 000	369 129 000	12,9


Tabell 2 Hovudpostane i hovudfordelinga

3 Frå april 2001 til april 2021

Overføringane til idrettsanlegg, post 1, utgjorde 1 663 millionar kroner i 2021. Dette er ein auke på 138 millionar kroner frå 2020. 1 569 millionar kroner blei overførte til fylkeskommunane til fordeling blant søkjarane, mot 1 438 millionar kroner i 2019. Fylkeskommunane fordeler i tillegg inndregne midlar⁴ og rentemidlar⁵ slik at samla tilskot i 2021 blei 1 682 millionar kroner, noko som er ein auke på 188 millionar kroner.

Det blei fordelt 90 millionar kroner over post 2 Nasjonalanlegg / Spesielle anlegg. Nasjonalanleggsordninga omfattar sju anlegg, mens berre eit fåtal anlegg får tilskot over posten spesielle anlegg. Nasjonalanleggsordninga er ei søknadsbasert ordning, og tildelinga til dei sju nasjonalanlegga varierer mykje frå år til år.

Figur 2 viser utviklinga i storleiken på tilskota til anleggsbygging frå 2001 til i dag og kor stor andel av spelemidlane som har gått til dette formålet.



Figur 2 Utvikling i avsette midlar til anlegg og andel av hovudfordelinga


Tilskota til anlegg er meir enn firedobla sidan 2001 og meir enn dobla dei siste åtte åra. Tilskota auka med 173 millionar kroner i 2021 og utgjør no 1,75 milliardar kroner.

54 prosent av spelemidlane til idrettsformål blei nytta til tilskot til anleggseigarar. Dette er ein nedgang på eitt prosentpoeng dei siste åra og to prosentpoeng sidan 2018 da andelen var høgast. Andelen som er fordelt til anlegg, har lege mellom 50 og 56 prosent i perioden.

4 Midlar som ikkje blir utbetalte fordi faktiske kostnader blir lågare enn godkjent søknadsbeløp, eller fordi prosjekta ikkje blir gjennomførte.

5 Det tek noko tid frå Kulturdepartementet overfører spelemidlane til fylkeskommunane, og til desse blir utbetalte. Opptente renter blir tildelte som ordinære spelemidlar.


Figur 3 viser utviklinga for postane 3 og 4.



Figur 3 Utvikling i avsette midlar til FoU og spesielle aktivitetar og andel av hovudfordelinga

Tildelinga til desse to postane har utgjort rundt 5 prosent av midlane frå hovudfordelinga i heile perioden. Tilskota til FoU har lege på same nivå, mens veksten har vore i tilskota gjevne over post 4 spesielle aktivitetar. Tverga og Antidoping Norge får tilskota sine frå denne posten.

Idrettsorganisasjonane fekk tildelt 750 millionar kroner over post 5 i 2021. Dette er ein auke på 20 millionar kroner. Figur 4 viser tildelinga til post 5 frå 2001 og kor stor del av spelemidlane dette har utgjort.




Figur 4 Utvikling i tilskot til Norges idrettsforbund og andel av hovudfordelinga

Tilskota til idrettsorganisasjonane er auka med 259 prosent sidan 2001. Ein stor del av auken kom i åra 2008 og 2009 og blei gjeven som ein kompensasjon for bortfall av automatinntekter. Frå 2009 har den årlege veksten vore 2,7 prosent.

23 prosent av spelemidlane blei tildelte dei sentrale idrettsorganisasjonane i 2021. Andelen fall med 2,3 prosentpoeng i 2021 og er redusert med 13 prosentpoeng sidan 2012.

Det har vore ein stor vekst i tildelinga over post 6 Lokale aktivitetsmidlar dei seinare åra. Tildelingane er meir enn dobla sidan 2013. 420 millionar kroner blei fordelte til idrettslaga i 2021, noko som svarer til 13 prosent av midlane frå hovudfordelinga. I tillegg blei denne posten tilført 50 millionar kroner frå midlane sette av på post 7, noko som betyr at 14,5 prosent av spelemidlane til idrettsformål blei fordelte til lokale aktivitetsmidlar.



Figur 5 Lokale aktivitetsmidlar

1.2 Spelemlidar til anlegg

Det blir fordelt spelemlidar til anlegg over postane 1 og 2 i hovudfordelinga. Tabell 3 viser dei forskjellige underpostane til post 1 og 2.

Post		Tildeling
1	Idrettsanlegg	1 663 021 000
1.1	Idrettsanlegg i kommunane	1 568 521 000
1.3	Løypetiltak i fjellet og overnattingshytter	32 000 000
1.4	Utstyr	32 500 000
1.5	Nyskapande aktivitetsarenaer	30 000 000
2	Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	90 455 000
2.1	Nasjonalanlegg	23 230 000
2.2	Spesielle anlegg	67 225 000

Tabell 3 Fordeling av spelemlidar til anlegg i 2020

Nedanfor følger ein kort gjennomgang av kva tiltak som får tilskot frå dei forskjellige anleggspostane.

Alle ordinære tilskot til idretts- og nærmiljøanlegg kjem frå post 1.1 idrettsanlegg i kommunane. Kapitla 3-7 omhandlar søknader og tildelingar frå denne posten.

I åra 2004–2018 sette regjeringa av midlar til særskilde satsingar, eller program, for bygging av utvalde anleggstypar. Midlar til desse programma blei avsette over post 1.2 anleggspolitisk program. Kulturdepartementet tildelte midlane til aktuelle søkjarar. Tilskota kom som regel i tillegg til ordinære spelemidlar tildelte over post 1.1. Det har ikkje vore sett av midlar til dette formålet dei tre siste åra.

Post 1.3 Anlegg for friluftsliv omhandlar midlar til bygging og opprusting av løypenettet og overnattingshytter i fjellet og overnattingshytter ved kysten og i låglandet. Midlar frå denne posten kjem i tillegg til dei midlane som blir løyvde til friluftslivsanlegga over post 1.1 i hovudfordelinga. Tildelingar over post 1.3 er ikkje omtalte i denne rapporten

Post 1.4 Utstyr er ei søknadsbasert støtteordning for utstyrskjøp. I hovudsak blir tilskotsordninga forvalta av Norges idrettsforbund, men det blir også gjeve tilskot til sikkerheitsutstyr gjennom Norges Bilsportforbund. Idrettslag og særforbund tilknytte NIF kan søkje om tilskot til kjøp av nokre utvalde utstyrsstypar. Tildelingar frå utstyrsordninga er ikkje omtalte i denne rapporten.


Post 1.5 Nyskapande aktivitetsarenaer er ei søknadsbasert ordning som blei etablert i 2017 under namnet «Anlegg for eigenorganisert aktivitet». Ordninga er mellombels. Det er ikkje teke stilling til om ordninga blir vidareført utover 2021. Ordninga er meint for kommunane. Desse kan søkje om tilskot til bygging av innovative aktivitetsanlegg for eigenorganisert aktivitet. Kulturdepartementet tildeler midlane. Tildelingane er viste i kapittel 9.

Post 2.1 Nasjonalanlegg omfattar tildelingar til sju meisterskapsarenaer som har inngått nasjonalanleggsavtale med Kulturdepartementet. Kulturdepartementet tildeler midlane basert på søknader frå eigarane av nasjonalanlegga. Tilskota kan utgjere inntil 50 prosent av anleggskostnaden. Desse sju anlegga har nasjonalanleggsstatus:

- Holmenkollen – ski nordiske greiner
- Hafjell – alpint tekniske disiplinær
- Kvitfjell – alpint fartsdisiplinær
- Vikersundbakken – skiflyging
- Holmenkollen – skiskyting
- Vikingskipet – hurtigløp på skeiser
- Ullevål stadion – fotball

Tildelingar til desse anlegga er viste i kapittel 9.

Post 2.2 Spesielle anlegg omfattar tilskot til nokre få enkeltanlegg. Dei seinare åra er det gjeve tilskot til utvidingar og rehabiliteringar av lokala til Olympiatoppen og til eit fåtal andre anlegg. Kulturdepartementet tildeler midlane. Tildelingane er viste i kapittel 9.





Omgrep og definisjonar

Spelemidelsøknadene og anlegga er klassifiserte etter fire sentrale omgrep. To og to av omgrepa høyrer saman som par. Omgrepa er

- ordinære anlegg
- nærmiljøanlegg
- anlegg for eigenorganisert aktivitet
- idrettsanlegg

2.1 Ordinære anlegg – nærmiljøanlegg

Spelemiddelregelverket skil mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Ordinære anlegg

I *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020* er ordinære anlegg definert på følgjande måte: «Med ordinære anlegg menes anlegg for organisert og egenorganisert idrett og fysisk aktivitet.» Innanfor gruppa ordinære anlegg finn ein alle dei vanlege idrettsanlegga, mange typar større friluftslivsanlegg og dei største anlegga for eigenorganisert aktivitet.

Nærmiljøanlegg er definert på følgjande måte: «Nærmiljøanlegg er et anlegg eller område for egenorganisert fysisk aktivitet, som ligger i tilknytning til bo- og/eller oppholdsområder. Med nærmiljøanlegg menes kun utendørsanlegg.»

Nærmiljøanlegg

Typiske nærmiljøanlegg er ballbingar/balløkker, turveggar/turstiar og ei rekkje ulike småanlegg. Nærmiljøanlegg kan berre unntaksvis brukast til organisert fysisk aktivitet og skal ikkje vareta behovet til den organiserte aktiviteten på fast basis.

For enkelte anleggstypar vil det vere storleiken og planlagd aktivitet i anlegget som avgjer om anlegget blir definert som eit ordinært anlegg eller som eit nærmiljøanlegg. Eksempel på dette er skateboardanlegg og klatreanlegg. Her blir store anlegg definerte som ordinære anlegg, mens mindre anlegg blir definerte som nærmiljøanlegg.

Alle anlegg blir anten klassifiserte som eit ordinært anlegg eller som eit nærmiljøanlegg.

2.2 Idrettsanlegg – anlegg for eigenorganisert aktivitet

I tillegg til å skilje mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg skil denne rapporten mellom anlegg der organisert idrett er hovudaktiviteten – *idrettsanlegg* – og anlegg der den eigenorganiserte aktiviteten dominerer – *anlegg for eigenorganisert aktivitet*.

For å fastsetje om ein anleggstype høyrer til i gruppa idrettsanlegg eller anlegg for eigenorganisert aktivitet, er det vurdert om anleggstypen primært blir brukt til organisert idrett eller til eigenorganisert aktivitet.

Nærmiljøanlegga er i utgangspunktet meinte for eigenorganisert aktivitet, så desse anlegga er inkluderte i gruppa anlegg for eigenorganisert aktivitet. Når det gjeld ordinære anlegg, så går det føre seg både organisert idrett og eigenorganisert aktivitet i desse. Det er vurdert at eigenorganisert aktivitet er klart dominerande i desse sju anleggstypane:

- Alpinanlegg
- Symje- og stupeanlegg
- Anlegg for friluftsliv (turveggar, turstiar, dagsturhytter osv.)
- Golfanlegg
- Sandvolleyballbaner
- Skiløyper
- Turkart

Desse sju anleggstypane er saman med nærmiljøanlegga definerte som anlegg for eigenorganisert aktivitet.

Alle andre anlegg er definerte som idrettsanlegg. Så sjølv om det går føre seg mykje eigenorganisert aktivitet i blant anna klatre-, fotball- og tennisanlegga, så er desse definerte som idrettsanlegg i denne rapporten. Tilsvarende er det mange anlegg som for eksempel idrettshallar som er bygde dels for skolebruk og dels for idretten. Desse blir også rekna som idrettsanlegg sjølv om skolebruken ofte kan vere dominerande.


2.3 Godkjend kostnad (investeringar)

I denne rapporten, og i spelemidelsamheng elles, blir omgrepet «godkjend kostnad» brukt om den delen av kostnadene knytt til bygging eller rehabilitering av eit anlegg som spelemideltilskotet skal dekkje delar av. Spelemideltilskotet blir berekna som ein prosentandel av «godkjend kostnad» avgrensa oppover til bestemte tilskotssatsar. Godkjend kostnad vil for mange prosjekt vere forskjellig frå dei totale prosjektkostnadene.

I spelemiddelregelverket heiter det: «Det kan søkes om tilskudd som dekker kostnader som angår aktivitetsareal og nødvendige tilleggselementer, f.eks. garderober og lys». Det er desse kostnadene som inngår i omgrepet «godkjend kostnad».

Dette betyr at for eksempel kostnader til publikumsfasilitetar, erverv av grunn og opparbeiding av nødvendige parkeringsplassar ikkje kjem inn under omgrepet «godkjend kostnad», og det blir ikkje gjeve spelemidlar til desse delane av eit prosjekt. Meir informasjon om kva som er inkludert i omgrepet «godkjend kostnad», finst i spelemiddelregelverket⁶.

6 Kapittel 2.4 i *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020 – for tildeling i 2021*





3

Hovudtal for spelemidelsøknadene

3.1 Hovudtal

Tabell 4 viser hovudtala for alle spelemidelsøknadene fremja dei siste seks åra. Tabellen omfattar både nye⁷, fornya⁸ og gjentekne⁹ søknader. Søknadene omfattar anlegg som er i drift, er under bygging eller er på planleggingsstadiet.

År	Tal på søknader	Godkjend søknadssum (mill. kroner)	Godkjent kostnad (mill. kroner)
2021	3 733	6 079	31 636
2020	3 593	5 963	31 363
2019	3 466	5 807	29 819
2018	3 404	4 920	23 375
2017	3 741	4 467	22 256
2016	3 507	4 117	20 332

Tabell 4 Spelemidelsøknader i tal og søknadsbeløp 2016–2021

Det blei fremja 3 733 søknader i 2021. Dette er ein auke på 140 søknader frå året før. Godkjend søknadssum auka med 116 millionar kroner og har for første gong passert 6 milliardar kroner. Tilhøyrande investeringar kjem opp i nær 32 milliardar kroner.

Den store nedgangen i talet på søknader frå 2017 til 2018 kjem ikkje av ein nedgang i aktivitetsnivået, men ei omlegging av søknadssystemet. Anleggseigar sender no ein samla søknad for anlegg som inneheld fleire anleggselement, mens ein før 2018 sende separate søknader for dei forskjellige anleggselementa.

1 630 søknader blei fremja for første gong i 2021. Desse søknadene blir kalla nye søknader, mens 2 103 søknader er fremja ein eller fleire gonger tidlegare.

7 Søknader som er fremja og er formelt i orden for første gong.

8 Søknader som er fremja tidlegare, og som ikkje har fått tildelt spelemidlar.

9 Søknader som er fremja tidlegare, og som allereie har fått tildelt delar av den opphavlege søknadssummen.

Nye søknader

Tabell 5 viser utviklinga i talet på søknader, søknadssum og tilhøyrande investeringar for søknader som blir fremja for første gong.

År	Tal på nye søknader	Godkjend søknadssum (mill. kroner)	Godkjent kostnad (mill. kroner)
2021	1 630	1 671	7 413
2020	1 526	1 635	7 860
2019	1 481	2 244	10 807
2018	1 364	1 745	7 432
2017	1 621	1 488	6 549
2016	1 423	1 335	6 070

Tabell 5 Nye spelemidelsøknader fremja i perioden 2016–2021

Både talet på nye søknader og søknadssummen auka i 2021, mens tilhøyrande kostnader gjekk noko ned. Talet på nye søknader har auka kvart år med unntak av i 2018, der ordninga, som beskrive tidlegare, blei lagd om.


Gjennomsnittleg kostnad knytt til dei nye søknadene for året er 4,5 millionar kroner, ned frå 5,2 millionar kroner i 2020. Tilsvarande blei gjennomsnittleg søknadssum redusert frå 1,07 millionar i 2020 til 1,03 millionar kroner i år.

Søknadsbeløpet for dei nye søknadene for året er 102 millionar kroner høgare enn tildelinga til post 1.1 Idrettsanlegg i kommunane, men 11 millionar kroner lågare tildelt beløp når det også blir teke omsyn til rente og inndregne midlar.

3.2 Søknadsbeløp for dei enkelte søknadene


Det er ein stor variasjon i søknadsbeløp¹⁰ blant søknadene for året. Søknadsbeløpet varierer frå 9 000 kroner til 61,6 millionar kroner. Figur 6 viser storleiken på søknadene. Søknadene er rangerte frå den minste til den største.

¹⁰ Tildelinga til nokre av søkjarane blir fordelt over fleire år. Søkjarar i år har allereie fått tildelt 789 millionar kroner i 2019 og 2020. Desse midlane er inkluderte i figur 6 og 7.



Figur 6 Søknadsbeløpa rangerte frå det minste til det største

Figur 6 viser at det er svært mange søknader med låge søknadsbeløp samanlikna med søknadene med dei høgaste søknadsbeløpa. Figur 7 viser søknadssummen for dei 3 000 minste søknadene.



Figur 7 Storleiken på søknadene for dei 3 000 minste søknadene

I tabell 6 er talet på søknader, samla søknadssum, samla kostnad og spelemidelandel for alle søknadene grupperte etter storleiken på søknadsbeløpet.

Søknadsbeløp	Tal på søknader	Andel av talet på søknader	Samla søknadsbeløp	Andel av samla søknadsbeløp	Samla kostnad	Andel av samla kostnad	Spelemiddel andel
0-100 000	292	8 %	19	0 %	45	0 %	42 %
101 000-300 000	1 391	37 %	329	5 %	893	3 %	37 %
301 000-1 000 000	1 031	28 %	659	10 %	2 412	8 %	27 %
1 001 000-2 000 000	395	11 %	572	8 %	2 201	7 %	26 %
2 001 000-5 000 000	305	8 %	980	14 %	4 419	14 %	22 %
5 001 000-10 000 000	134	4 %	1 007	15 %	4 828	15 %	21 %
10 001 000-20 000 000	131	4 %	1 734	25 %	8 421	27 %	21 %
20 001 000-50 000 000	52	1 %	1 455	21 %	7 659	24 %	19 %
50 001 000-	2	0 %	113	2 %	756	2 %	15 %
Sum	3 733	100 %	6 868	100 %	31 636	100 %	22 %

Tabell 6 Oversikt over storleiken på søknadene for alle søknadene (ordinære søknader og nærmiljøanlegg)


1 683 søknader – 45 prosent – omhandlar tilskot inntil 300 000 kroner. 73 prosent av søkjarane søkjer om ein million kroner eller mindre, mens 22 prosent av søkjarane søkjer om eit tilskot frå ein til ti millionar kroner. Berre 185 søknader, fem prosent av alle søknadene, har eit søknadsbeløp over ti millionar kroner.

Ser ein på fordelinga av spelemidlane, blir fem prosent av spelemidlane fordelte til anlegg med ein søknadssum på inntil 300 000 kroner, mens 48 prosent av spelemidlane blir fordelte til anlegg med ein søknadssum over ti millionar kroner.

Tabellen viser vidare at spelemidlandelen minkar med aukande kostnad. Spelemidlane dekkjer i gjennomsnitt 42 prosent av kostnadene for dei som søkjer om inntil 100 000 kroner i tilskot, mens dei svarer til 15 prosent av anleggskostnaden for søknadene der søknadssummen overstig femti millionar kroner.

3.3 Spelemidelandel


Figur 8 viser utviklinga i spelemidelandelen dei siste seks åra.



Figur 8 Utvikling i spelemidelandel frå 2012

Spelemidelandelen har variert mellom 21,5 prosent og 23,2 prosent dei siste seks åra. Andelen var noko høgare i starten av perioden enn i dei siste tre åra.

Figur 9 viser spelemidelandelen for dei forskjellige søknadene rangert frå den lågaste andelen til den høgaste.



Figur 9 Spelemidelandel rangert frå lågast til høgast

For 64 søknader svarer spelemidlane til under ti prosent av anleggskostnaden. Dette gjeld først og fremst idrettshallar (20 søknader), fotballanlegg (11 søknader), symjeanlegg (8 søknader) og idrettshus og servicebygg (8 søknader). Heile 738 søknader har ein spelemidelandel på 33 prosent, mens 880 søknader har ein spelemidelandel på 50 prosent. 33 prosent er maksimalsatsen for ordinære anlegg utan ekstra tilskot, mens 50 prosent er maksimalsatsen for nærmiljøanlegg og enkelte friluftslivsanlegg.

Kurva har også eitt flatt parti rundt 38 prosent. Her finn ein mange søknader fremja av pressområdekommunane¹¹. Anlegg bygde i desse kommunane blir tildelte 15 prosent ekstra i spelemidlar. Kurva har vidare nokre mindre flate parti rundt 40 og 42 prosent. Her finn ein mange søknader som nyt godt av Nord-Noreg-tillegga¹² på høvesvis 20 og 25 prosent.

11 19 kommunar er definerte som pressområdekommunar. Ordinære anlegg i desse kommunane får 15 prosent ekstra i spelemidlar.

12 Kommunar i Nordland og Namdalen får 20 prosent ekstra i spelemidlar, mens kommunar i Troms og Finnmark blir tildelte 25 prosent ekstra. Nord-Noreg-tillegga gjeld berre ordinære anlegg.

3.4 Etterslep¹³ – udekt behov

Tabell 7 viser utviklinga i tilskotsbehovet sidan 2016.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Talet på søknader	3 487	3 738	3 406	3 466	3 593	3 733
Søknadssum (mill. kroner)	4 116	4 469	4 920	5 807	5 963	6 079
Disponible midlar (mill. kroner)	1 197	1 321	1 430	1 492	1 438	1 568
Etterslep (mill. kroner)	2 919	3 148	3 490	4 315	4 525	4 511
Ventetid på tildeling (år)	2,4	2,4	2,4	2,9	3,1	2,9

Tabell 7 Etterslep

Etterslepet blei redusert med 14 millionar kroner i 2021. Dette er det første året på svært lenge at etterslepet, eller det udekte behovet for spelemidlar, er redusert. Dei siste fem åra har etterslepet vakse med 1,6 milliardar kroner eller rundt 320 millionar kroner i året. For at ordninga skulle vore i balanse, måtte tildelingane over post 1.1 idrettsanlegg i kommunane auka med eit tilsvarande beløp.

Ventetida på utbetaling av spelemidlar er berekna til 2,9 år. Dette er ei teoretisk berekning som seier noko om kor lang tid det vil ta før alle søknadene for året var blitt tildelt spelemidlar føresett at tildelingane kommande år vil vere like store som tildelinga for året, og at alle søknadene for året blir tildelte midlar før søknader som enno ikkje er fremja.

¹³ Etterslepet, eller det udekte behovet, er differansen mellom søknadssum og tilgjengelege midlar sette av i hovudfordelinga. Fylkeskommunane tildeler i tillegg rentemidlar og inndregne midlar frå tidlegare søknadsrundar, noko som betyr at etterslepet, eller det udekte behovet, er noko lågare.



4

Hovudtal ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Spelemiddelordninga skil mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, og det finst egne regelverk for desse to delane av tilskotsordninga¹⁴.

4.1 Hovudtal ordinære anlegg

År	Tal på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Godkjend søknadssum (mill. kroner)	Tildelt tidlegare år (mill. kroner)	Total tildeling (mill. kroner)	Spelemiddelandel
2021	2 331	30 670	5 716	786	6 502	21,2 %
2020	2 388	30 540	5 661	768	6 428	21,0 %
2019	2 303	29 100	5 532	633	6 165	21,2 %
2018	2 295	22 665	4 655	504	5 159	22,8 %
2017	2 567	21 569	4 210	501	4 711	21,8 %
2016	2 445	19 716	3 885	418	4 303	21,8 %


Tabell 8 Hovudtal for søknader om tilskot til ordinære anlegg

Det blei godkjent 2 331 spelemiddelsøknader knytte til ordinære anlegg i 2021. Tilhøyrande søknadssum var 5 716 millionar kroner. Søknadene omfattar både nyanlegg og rehabiliteringar.

Totalt søknadsbeløp, inkludert tidlegare tildelingar, er i gjennomsnitt 2,8 millionar kroner per søknad, og den gjennomsnittlege prosjektkostnaden er 13,2 millionar kroner. Dette er ein auke på høvesvis 0,1 og 0,4 millionar kroner frå 2020.

Søknadsbeløpet er det største så langt. Søknadsbeløpet er 55 millionar kroner høgare enn i 2020. Investeringane knytte til anlegga er 30,7 milliardar kroner. Dette beløpet har heller ikkje vore høgare. Anleggseigarane vil få totalt 6,5 milliardar kroner i spelemidlar til desse prosjekta, av desse var 786 millionar kroner utbetalte før søknadsrunden for året. Spelemidlane svarer til 21,2 prosent av anleggskostnaden. Andelen er auka med 0,2 prosentpoeng frå 2020.

¹⁴ Kulturdepartementet fastset og oppdaterer regelverket årleg. Regelverket som gjeld for søknadsrunden behandla i denne rapporten, har namnet «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 For tildelingar i 2021».



Figur 10 Utvikling i spelemidandel

Tilskotet frå spelemidlane har variert mellom 21 og 23 prosent av godkjend kostnad.

Kven bygger og rehabiliterer ordinære anlegg?

Søkjarkategori	Talet på søknader	Godkjend kostnad (millionar kroner)	Prosent av totale investeringar
Det offentlege	1 212	23 840	78
Idrettslag	848	4 977	16
Andre søkjarar ¹⁵	271	1 853	6
Totalt	2 331	30 670	100

Tabell 9 Oversikt over søknader og investeringar fordelte på søkjarkategori for ordinære anlegg

Kommunar/fylkeskommunar, idrettslag, friluftslivsorganisasjonar og nokre andre organisasjonar kan søkje om spelemidlar. Da idrettslaga og det offentlege, først og fremst gjennom kommunane, står for nær 95 prosent av søknadene, er det valt å vise ei grovinndeling der desse blir synleggjorde spesielt, mens søkjarar elles inngår i samlenemninga *andre søkjarar*.

- *Det offentlege* omfattar fylkeskommunar, kommunar, kommunale føretak og aksjeselskap som er heileigde eller tilnærma heileigde av fylkeskommunar/kommunar.
- *Idrettslag* omfattar lag, foreiningar og organisasjonsledd i Norges idrettsforbund i tillegg til aksjeselskap som er heileigde eller tilnærma heileigde av desse.
- *Andre søkjarar* omfattar organisasjonar elles som kan søkje tilskot, slik som blant anna friluftslivsorganisasjonane, Det frivillige Skyttervesen, og aksjeselskap der eigarskapen er fordelt mellom fleire kategoriar av søkjarar.

¹⁵ Andre søkjarar er aksjeselskap, stiftelsar, friluftslivsorganisasjonar, skyttarlag utanfor NIF osv.

Det offentlege, stort sett gjennom kommunane, står bak 76 prosent av investeringskostnadene og nær halvparten av alle søknadene. Kommunane byggjer jamt over dei største og dyraste anlegga, mens idrettslaga byggjer mange mindre anlegg. Gjennomsnittskostnaden for dei kommunale anlegga er 21,2 millionar kroner, mens anlegga til idrettslaga kostar 5,4 millionar kroner i snitt.

Nye søknader

År	Talet på søknader	Godkjend kostnad (mill. kr)	Godkjend søknadssum (mill. kr)	Gj.snittskostnad (mill. kr)	Gj.snittsøknadsbeløp (mill. kr)	Spelemiddelandel
2021	906	6 932	1 485	7,7	1,6	21,4 %
2020	834	7 395	1 461	8,9	1,8	19,8 %
2019	814	10 428	2 094	12,8	2,6	20,1 %
2018	740	7 041	1 598	9,5	2,2	22,8 %
2017	916	6 161	1 339	6,7	1,5	21,8 %
2016	781	5 694	1 193	7,3	1,5	21,0 %

Tabell 10 Hovudtal nye søknader

Det blei fremja 906 nye søknader i 2021. Dette er ein auke på 72 frå 2020. Søknadssummen enda på 1 485 millionar kroner, noko som er 34 millionar kroner høgare enn året før. Kostnadene for prosjekta har falle frå 7,4 milliardar kroner i 2020 til 6,9 milliardar kroner i år. Nedgangen kjem av at gjennomsnittskostnaden for prosjekta er redusert frå 8,9 millionar til 7,7 millionar kroner.

Søknadssummen svarer til 21,4 prosent av kostnaden ved søknadene for året. Dette er ein auke på 1,6 prosentpoeng.

Tabell 11 viser kven som har fremja dei nye søknadene for året.

Søkjarkategori	Talet på søknader	Godkjend kostnad (millionar kroner)	Prosent av totale investeringar
Det offentlege	335	4 782	69
Idrettslag	443	1 699	25
Andre søkjarar ¹⁶	128	451	7
Totalt	906	6 932	100

Tabell 11 Oversikt over eigarskapen til spelemidelsøknadene for året

Idrettslaga fremja nær halvparten av dei nye søknadene og står bak 25 prosent av investeringane. Det offentlege fremja færre søknader, men står for 69 prosent av investeringane. Andre søkjarar står for dei siste sju prosentane.

¹⁶ Andre søkjarar er aksjeselskap, stiftelsar, friluftslivsorganisasjonar, skyttarlag utanfor NIF osv.


I tabell 12 er spelemideltildelingane skilde ut.

Søkjarkategori	Talet på søknader	Finansiering (millionar kroner)	Prosent av totalen
Det offentlege	335	3 884	56
Idrettslag	443	1 247	18
Andre søkjarar ¹⁷	128	316	5
Spelemidlar		1 485	21
Totalt	906	6 932	100

Tabell 12 Finansiering av ordinære anlegg

Som tabellen viser, kan ein litt forenkla seie at investeringane er fordelte 60-20-20 mellom kommunar, idrett/frivilligheit og spelemidlar. Denne fordelinga har halde seg relativt stabil gjennom fleire år.

Figur 11 viser korleis planlagde investeringar har utvikla seg sidan 2016 for dei tre søkjargruppene. Det vil av forskjellige årsaker variere noko frå søknadstidspunktet til anlegget blir realisert. Det blir derfor understreka at dei presenterte tala ikkje representerer byggjeverksemda det aktuelle året, men viser storleiken på planlagde investeringar. Ein går ut frå at dei fleste anlegga blir bygde eitt til to år etter at spelemidelsøknadene er fremja første gong.



Figur 11 Kostnader knytte til nye spelemidelsøknader

¹⁷ Andre søkjarar er aksjeselskap, stiftelsar, friluftslivsorganisasjonar, skyttarlag utanfor NIF osv.

Figur 11 viser at det var ein stor vekst i investeringane til kommunane frå 2016 til 2019. Dei to siste åra har investeringane til kommunane blitt reduserte. Denne store auken i 2019 kjem av ein kraftig auke i planlagde investeringar i kommunane som skulle slå seg saman i januar 2020.

Dei planlagde investeringane til idrettslaga har lege rundt 1,5 milliardar kroner i året, men med ein auke til 1,7 milliardar kroner i år. Dei planlagde investeringane til idrettslaga har aldri vore høgare.

Investeringane til gruppa «andre søkjarar» har stort sett lege på 300–400 millionar kroner i året med ein topp på 760 millionar kroner i 2019.

4.2 Hovudtal nærmiljøanlegg

Tabell 13 viser utviklinga i talet på søknader, godkjend kostnad, godkjend søknadssum og spelemidelandel for søknader knytte til nærmiljøanleggsordninga.

År	Talet på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Godkjend søknadssum (mill. kroner)	Tilskotsprosent
2021	1 402	966	363 ¹⁸	37,8 %
2020	1 205	823	302 ¹⁹	37,0 %
2019	1 163	719	275	38,2 %
2018	1 111	713	267	37,5 %
2017	1 174	687	260	37,8 %
2016	1 062	616	235	38,3 %


Tabell 13 Hovudtal nærmiljøanlegg

Det har vore ein auke i talet på søknader, søknadssum og kostnader innanfor nærmiljøanleggsordninga.

18 Desse anlegga er tidlegare tildelte 3 millionar kroner slik at samla tilskot vil bli 366 millionar kroner.

19 Desse anlegga er tidlegare tildelte 3 millionar kroner slik at samla tilskot vil bli 305 millionar kroner.

Figur 12 viser utviklinga i spelemidelandel for nærmiljøanlegga.



Figur 12 Utvikling i spelemidelandel

Spelemidelandelen har lege rundt 37–38 prosent dei siste åra.

Kven byggjer og rehabiliterer nærmiljøanlegg?

Søkjjar	Talet på søknader	Godkjend kostnad (millionar kroner)	Prosent av totale investeringar
Det offentlege	1 029	737	76
Idrettslag	258	161	17
Andre søkjarar	115	68	7
Totalt	1 402	966	100

Tabell 14 Fordeling av investeringsutgifter for nærmiljøanlegga

Det offentlege, i all hovudsak kommunane, står for 76 prosent av investeringane i nærmiljøanlegg, mens idretten står bak 17 prosent. Gruppa «andre søkjarar», som for nærmiljøanlegga i stor grad er velforeiningar og grendelag, står for 7 prosent av investeringane. Fordelinga er relativt lik fordelinga for ordinære anlegg.

Nye søknader

År	Talet på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Godkjend søknadssum (mill. kroner)	Spelemidandel
2021	724	481	186	38,7 %
2020	692	465	174	37,3 %
2019	667	378	150	39,6 %
2018	624	391	147	37,6 %
2017	705	389	150	38,6 %
2016	642	376	141	37,5 %

Tabell 15 Hovudtal for nye søknader om tilskot til nærmiljøanlegg

724 av søknadene for året gjaldt nye nærmiljøanlegg. Kostnaden for desse prosjekta er berekna til 481 millionar kroner, og det blei søkt om 186 millionar kroner i tilskot. Dette svarer til 38,7 prosent av anleggskostnaden.

Kven står bak dei nye søknadene for året om tilskot til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg?

Søkjar	Talet på søknader	Godkjend kostnad (millionar kroner)	Prosent av totale investeringar
Det offentlege	443	310	64
Idrettslag	198	119	25
Andre søkjarar	83	52	11
Totalt	724	482	100

Tabell 16 Fordeling av investeringsutgifter for nærmiljøanlegga

Det offentlege, i all hovudsak kommunane, står for 64 prosent av investeringane i nærmiljøanlegg, mens idretten står bak 25 prosent. Gruppa «andre søkjarar» står for dei resterande 11 prosentane. Det er verdt å merke seg at idrettslaga investerer like mykje relativt sett i nærmiljøanlegg som i dei tradisjonelle idrettsanlegga sjølv om desse anlegga i utgangspunktet ikkje skal brukast til organisert aktivitet.

I tabell 17 er spelemidlane skilde ut.

Søkjar	Talet på søknader	Finansiering (millionar kroner)	Prosent av totalen
Det offentlege	443	192	40
Idrettslag	198	71	15
Andre søkjarar	83	31	6
Spelemidlar		186	39
Totalt	724	464	100

Tabell 17 Fordeling av investeringar inkludert spelemidlar for nærmiljøanlegga

5

Søknader og tildelingar per anleggskategori

5.1 Talet på søknader per anleggskategori

Kulturdepartementet har i spelemidelsamanheng delt alle anlegga inn i 23 kategoriar.

Tabell 18 og 19 viser søknadene for året fordelte per anleggskategori. Tabell 18 viser kor mange av søknadene knytte til dei forskjellige anleggskategoriene som gjeld nærmiljøanlegg, og kor mange som gjeld ordinære anlegg, mens tabell 19 viser ei samla oversikt over nye søknader og det totale talet på søknader.

Det er søkt om tilskot til anlegg i 21 av dei 23 kategoriene. Det er ikkje fremja søknader om tilskot til hundesportanlegg eller samiske anlegg.

	Ordinære anlegg	Nærmiljøanlegg	Totalt
Bogeskyttaranlegg	1	0	1
Fotballanlegg	378	48	422
Friidrettsanlegg	79	8	87
Friluftslivsanlegg	369	100	469
Golfanlegg	22	1	23
Hestesportanlegg	26	0	26
Idrettshallar og aktivitetsarenaer	426	0	426
Idrettshus og servicebygg	316	0	316
Is- og skeiseanlegg	32	1	33
Kart	59	44	103
Klatreanlegg	46	82	128
Luftsportanlegg	3	0	3
Mindre utandørsanlegg	17	949	966
Motorsportanlegg	22	0	22
Racketsportanlegg	48	28	76
Skateanlegg	44	35	79

Tabellen fortsetter på neste side

	Ordinære anlegg	Nærmiljøanlegg	Totalt
Ski- og alpinanlegg	145	52	197
Skyteanlegg	106	0	106
Symje- og stupeanlegg	139	0	139
Sykkelanlegg	29	53	82
Vassportanlegg	28	0	28
Sum	2 331	1 402	3 733

Tabell 18 Talet på søknader per anleggskategori

	Nye søknader	Andel av nye søknader	Totalt tal på søknader	Andel av totalt tal på søknader
Mindre utandørsanlegg	474	29 %	966	26 %
Friluftslivsanlegg	247	15 %	469	13 %
Idrettshus og servicebygg	153	9 %	316	8 %
Fotballanlegg	133	8 %	422	11 %
Idrettshaller og aktivitetssalar	115	7 %	426	11 %
Ski- og alpinanlegg	108	7 %	197	5 %
Kart	80	5 %	103	3 %
Klatreanlegg	47	3 %	129	3 %
Skyteanlegg	47	3 %	106	3 %
Sykkelanlegg	47	3 %	82	2 %
Racketsportsanlegg	36	2 %	76	2 %
Symje- og stupeanlegg	33	2 %	139	4 %
Skateanlegg	24	1 %	79	2 %
Friidrettsanlegg	21	1 %	87	2 %
Golfanlegg	18	1 %	23	1 %
Hestesportanlegg	14	1 %	26	1 %
Vassportanlegg	13	1 %	28	1 %
Is- og skeiseanlegg	9	1 %	33	1 %
Motorsportanlegg	8	0 %	22	1 %
Luftsportanlegg	3	0 %	3	0 %
Bogeskyttaranlegg	0	0 %	1	0 %
Sum	1 630	100 %	3 733	100 %

Tabell 19 Søknadsoversikt


Det blir fremja flest nye søknader om tilskot til mindre utandørsanlegg. 474 slike søknader blei godkjende i år. Desse søknadene utgjorde 29 prosent av søknadsmengda. Det er fremja over 100 søknader for kategoriene friluftslivsanlegg (247 søknader), idrettshus og servicebygg (153 søknader), fotballanlegg (133 søknader) og ski- og alpinanlegg (108 søknader).

44 prosent av dei nye søknadene for året gjeld mindre utandørsanlegg og friluftslivsanlegg.

Ser ein på det totale talet på søknader, er det dei same anleggskategoriene som dominerer, men andelen av mindre utandørsanlegg og friluftslivsanlegg er lågare. Dette kjem av at fylkeskommunane har prioritert tildeling til desse anleggskategoriene på kostnad av tildelingar til dei meir tradisjonelle idrettsanlegga, og at andelen søknader innanfor desse kategoriene har auka.

Ein analyse av talet på nye søknader, gjerne sett over fleire år, gjev det beste biletet av kva for anleggsategoriar som har den største byggje- og rehabiliteringsaktiviteten.

Figur 13 viser talet på nye søknader²⁰ som er fremja i seksårsperioden 2016–2021.




Figur 13 Talet på nye søknader fremja i perioden 2016–2021

Mindre utandørsanlegg dominerer biletet. Heile 30 prosent av søknadene gjeld denne anleggskategoriene, mens høvesvis 13 og 11 prosent gjeld friluftslivsanlegg og fotballanlegg. 53 prosent av søknadene er knytte til desse tre anleggskategoriene.

Det er i tillegg fremja mange søknader om tilskot til idrettshus, idrettshallar, skianlegg og kart. 80 prosent av søknadene er omfatta av desse sju anleggskategoriene, mens dei resterande søknadene er fordelte på dei 15 anleggskategoriene elles. Det er ikkje fremja nokon søknad om samiske anlegg i perioden.


²⁰ Drygt ein prosent av søknadene frå åra 2015–2017 er ikkje teke med. Dette kjem av at Kulturdepartementet reviderte anleggs kategoriseringa før søknadsrunden i 2018, og nokre få søknader frå tidlegare år fekk ikkje tildelt ny anleggs kategori.

Figur 14 til 16 viser utviklinga i dei årlege søknadstala for dei forskjellige anleggskategoriene.




Figur 14 Talet på nye søknader fremja i perioden 2016–2021

Blant anlegga med mange søknader synest det å vere ein klar tendens til ein kraftig auke i søknadsvolumet for friluftslivsanlegga og ein auke for mindre utandørsanlegg, mens talet på søknader knytte til fotballanlegg viser ei negativ utvikling. For dei andre anleggskategoriene er søknadsvolumet nokså jamt i seksårsperioden.



Figur 15 Talet på nye søknader fremja i perioden 2016–2021

Blant dei mellomstore anleggskategoriene er det ein auke i sykkelanlegg, mens det synest å vere ein svak reduksjon i symje- og stupeanlegg, og det har vore fremja færre søknader om tilskot til friidrettsanlegg dei to siste åra enn tidlegare i perioden.



Figur 16 Andel av nye søknader for mindre utandørsanlegg og friluftslivsianlegg

Talet på søknader knytte til hestesport har vakse, og det kom vesentleg fleire søknader knytte til golfanlegg i 2021 samanlikna med tidlegare år i seksårsperioden.


5.2 Søknadsbeløp og spelemidelandelar per anleggskategori

Kulturdepartementet fastset årleg tilskotssatsar²¹ for dei forskjellige anleggstypene. Den generelle satsen for ordinære anlegg er ein tredel av godkjend kostnad, avgrensa oppover til bestemte satsar som varierer for dei forskjellige anleggstypene.

For enkelte friluftslivsanlegg kan det søkjast om eit tilskot på inntil 50 prosent av godkjend kostnad, mens for nærmiljøanlegga kan tilskota utgjere 50 prosent av anleggskostnaden avgrensa oppover til 300 000 kroner. Eit område kan bestå av fleire nærmiljøanleggselement, slik at total tildeling til eit område kan bli vesentleg høgare enn 300 000 kroner.

Meir informasjon om tilskotssatsane som ligg til grunn for denne søknadsrunden, finst i publikasjonen Bestemmelser om anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020.


Figur 17 viser totalt søknadsbeløp inkludert tidlegare tildelte midlar fordelt på dei forskjellige anleggskategoriene. Total søknadssum er 6 868 millionar kroner, av desse gjeld 6 502 millionar kroner ordinære anlegg, mens 366 millionar kroner gjeld nærmiljøanleggsordninga.



Figur 17 Søknadsbeløp per anleggskategori - inkludert tidlegare tildelte midlar

21 Sjå Bestemmelser om tilskudd til idrett og fysisk aktivitet 2020 for meir informasjon om dei forskjellige tilskotssatsane.


Som figuren viser, er det søkt om størst tilskot til idrettshallar, symjeanlegg og fotballanlegg. Desse tre anleggskategoriene vil truleg få 71 prosent av spelemidlane dei nærmaste åra. Relativt store beløp, over 150 millionar kroner, vil venteleg bli tildelte til idrettshus, friluftslivsanlegg, mindre utandørsanlegg, isanlegg og skianlegg. Dei åtte nemnde anleggskategoriene vil få 89 prosent av spelemidlane, mens 15 anleggskategoriar elles vil få elleve prosent av tilgjengelege midlar. Figur 18 viser forventa tildelingar til dei 13 «minste» anleggskategoriene. Det vil bli fordelt 736 millionar kroner til anlegg innanfor desse kategoriene. Det er ikkje søkt om tilskot til hundesportanlegg eller til anlegg for samiske idrettar.



Figur 18 Søknadsbeløp per anleggskategori for dei 13 minste anleggskategoriene


Nye søknader

Figur 19 og 20 viser søknadsbeløp per anleggskategori for søknadene som blei fremja for første gong i 2021.




Figur 19 Søknadsbeløp nye søknader

Dei største søknadsbeløpa er knytte til søknader om tilskot til idrettshallar og aktivitetssalar (447 millionar kroner) og symjeanlegg (326 millionar kroner). Det blir i tillegg søkt om over 100 millionar kroner til fotballanlegg, idrettshus og servicebygg, mindre utandørsanlegg og friluftslivsanlegg. Til saman blir det søkt om tilskot på 1 303 millionar kroner til desse seks anleggskategoriene, noko som utgjer 79 prosent av det totale søknadsbeløpet. Tilsvarande tal for anleggskategoriene elles er 368 millionar kroner. Fordelinga blant desse er vist i figur 20.



Figur 20 Søknadsbeløp nye søknader

Figur 21 viser kor stor andel (prosent) av godkjende kostnader spelemideltilskotet utgjer. Berre anleggskategoriar med meir enn tjue søknader er med i analysen.




Figur 21 Spelemidelandel per anleggskategori

Det er store forskjellar i bidraget frå staten til dei forskjellige anleggstypane. Kart, mindre utandørsanlegg og friluftslivsanlegg får relativt sett mest. Her dekkjer spelemideltilskotet meir enn ein tredel av kostnadene.

Spelemideltilskotet dekkjer mellom 22 og 32 prosent for dei fleste anleggskategoriene, mens tilskota til idrettshallar og symjeanlegg ligg rundt 20 prosent. Desse to anleggstypane har dei høgaste gjennomsnittskostnadene i søknadsbunken.

Figurane 22 og 23 viser samanhengen mellom gjennomsnittleg anleggskostnad og spelemidelandelen.


Figur 22 viser gjennomsnittleg anleggskostnad rangert frå den lågaste til den høgaste med tilhøyrande spelemiddelandel. Berre anleggskategoriar med minst ti søknader er med i analysen.



Figur 22 Samanheng mellom anleggskostnad og spelemiddelandel for dei forskjellige anleggskategoriene

Figuren viser ein klar samanheng mellom aukande anleggskostnad og fallande spelemiddelandel, noko som betyr at anleggseigar må stå for ein større andel av kostnadene for dei meir kostnadskreivjande anlegga.


Figur 23 viser gjennomsnittlig anleggskostnad og tilhørende spelemidelandel for dei forskjellige anleggskategoriene.



Figur 23 Gjennomsnittleg anleggskostnad og tilhørende spelemidelandel


5.3 Investeringar per anleggskategori

Figur 24 og 25 viser investeringar per anleggskategori. Totale investeringar er 31,6 milliardar kroner, av desse gjeld 30,7 milliardar ordinære anlegg og 1,0 milliardar nærmiljøanlegg.



Figur 24 Investering per anleggskategori


Dei største investeringane er knytte til idrettshallar og aktivitetssalar (13,4 milliardar kroner), symje- og stupeanlegg (8,0 milliardar kroner) og fotballanlegg (3,0 milliardar kroner). Investeringar i desse tre anleggskategoriene utgjør 77 prosent av investeringane knytte til søknadene for året. Det blir også investert over ein milliard kroner i idrettshus og servicebygg. Totalt gjeld 81 prosent av investeringane desse fire anleggskategoriene.



Figur 25 Investering per anleggskategori

Nye søknader


Figurane 26 og 27 viser planlagde investeringar i søknadene som blei fremja for første gong i 2021.



Figur 26 Investeringar nye søknader

Det er dei same anleggskategoriene som dominerer blant dei nye søknadene for året som i den totale søknadsbunken. Investeringane i dei fire «største» anleggskategoriene utgjør 72 prosent av planlagde investeringar. Dette er noko lågare enn når ein ser på alle søknader. Dette kjem til dels av at det er mange store anlegg innanfor desse kategoriene, og desse får gjerne tildelinga fordelt over fleire år og blir dermed verande lenger i søknadsbunken.

Investeringane i anleggskategoriene elles er viste i figur 27.




Figur 27 Investeringar nye søknader

5.4 Investeringar per søkjargruppe

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av investeringane til dei tre søkjargruppene det offentlege, idretten og andre søkjarar.


Offentlege investeringar

Figur 28 viser investeringane frå det offentlege per anleggskategori. Totalt utgjer investeringane 23,7 milliardar kroner.




Figur 28 Investeringane frå det offentlege

Som ein ser av figuren, gjeld heile 19,0 milliardar kroner investeringar i idrettshallar og symjeanlegg. Dette svarer til 77 prosent av dei samla investeringane frå det offentlege. Det offentlege investerer i tillegg 1,6 milliardar kroner i fotballanlegg. 84 prosent av dei samla investeringane gjeld desse tre anleggskategoriene. I dei 20 anleggskategoriene elles varierer investeringane mellom null og 700 millionar kroner. Fordelinga blant desse er vist i figur 29. Det offentlege har ikkje fremja nokon søknader om bygging av hundesportanlegg, samiske anlegg, bogeskyttaranlegg eller luftsportanlegg i søknadsrunden for året.



Figur 29 Investeringane frå det offentlege

Andelen av investeringane som er frå det offentlege, i dei forskjellige anleggskategoriene er vist i figur 30. Berre anleggskategoriar med minst 20 søknader er tekne med i denne analysen.




Figur 30 Andelen av investeringane som er frå det offentlege, i dei forskjellige anleggskategoriene

Det er stor spreiding i kor stor andel av investeringane det offentlege står bak. Det offentlege står bak nesten alle investeringar i symjeanlegg (96 prosent) og skateanlegg (94 prosent), men nær null i golfanlegg (1 prosent), motorsportsbygg (2 prosent) og kart (9 prosent). I seks av anleggskategoriene står det offentlege for minst 80 prosent av investeringane, mens dei i åtte anleggskategoriar står for under ein tredel av investeringane. Legg elles merke til at innanfor store anleggskategoriar som idrettshallar, mindre utandørsanlegg, friluftslivsbygg og fotballanlegg står det offentlege bak høvesvis 85, 80, 72 og 51 prosent av investeringane.


Investeringane som er frå idrettslaga

Investeringane knytte til dei 1 260 søknadene frå idrettslaga er viste i figurane 31 og 32. Samla investeringar utgjer 5,6 milliardar kroner.




Figur 31 Investeringane som er frå idretten

Idrettslaga investerer først og fremst i idrettshallar (1 610 millionar kroner), fotballanlegg (1 395 millionar kroner) og idrettshus (855 millionar kroner) som for ein stor del er klubbhus. Investeringane i desse tre anleggskategoriene utgjer 75 prosent av investeringane som er frå idretten. Investeringane i dei 18 anleggskategoriene elles er viste i figur 32. Idrettslaga har ikkje fremja søknader om tilskot til hundesportanlegg eller samiske anlegg.



Figur 32 Investeringane som er frå idretten

Andelen av investeringane som kjem frå idrettslaga, i dei forskjellige anleggskategoriene er vist i figur 33.




Figur 33 Andel av investeringane som kjem frå idretten, i dei forskjellige anleggskategoriene

Idrettslaga står for meir enn 50 prosent av investeringane i seks anleggskategoriar, andelen ligg mellom 20 og 50 prosent for to anleggskategoriar, mens idretten står bak mindre enn 20 prosent av investeringane i elleve anleggskategoriar. Som ein ser av figuren, står golfklubbane bak nesten alle (99 prosent) investeringar i golfanlegg, og idrettslaga har også ein svært høg andel innanfor kart og vassportanlegg, mens andelen er liten for skateanlegg og symjeanlegg.

Blant dei store anleggskategoriene står idrettslaga for 64 prosent av investeringane i klubbhus og servicebygg, 46 prosent i fotballanlegg, 18 prosent i friluftslivsanlegg, 14 prosent i mindre utandørsanlegg og 12 prosent i idrettshallar og under 1 prosent i symje- og stupeanlegg.

Andre søkjarar


Investeringane frå andre søkjarar enn det offentlege og idretten er viste i figur 34.



Figur 34 Investeringane frå andre søkjarar fordelte per anleggskategori

Andre søkjarar investerer mest i idrettshallar (432 millionar kroner) og symjeanlegg (315 millionar kroner).

Figur 35 viser andelen av investeringane som er frå andre søkjarar, for dei forskjellige anleggskategoriene.




Figur 35 Andel av investeringane som er frå andre søkjarar, i dei forskjellige anleggskategoriene

Andre søkjarar står bak høvesvis 81 prosent av investeringane i motorsportanlegg og 53 prosent i skyteanlegg. Her er det høvesvis lag knytte til Bilsportforbundet (motorsportanlegg) og Det frivillige Skyttervesen og Jeger- og Fiskeforeningar (skytteanlegg) som har fremja mange av søknadene.


5.5 Tildelte midlar per anleggskategori

Søkjjarane blei tildelte 1 682 millionar kroner i 2021. Størstedelen av tilskota gjekk til støtte til bygging av idrettshaller og aktivitetsalar (516 millionar kroner), symje- og stupeanlegg (316 millionar kroner), fotballanlegg (175 millionar kroner) og mindre utandørsanlegg (128 millionar kroner). 68 prosent av dei tildelte midlane gjekk til desse fire anleggskategoriene. Friluftslivsanelegga og idrettshus og servicebygg blei tildelte rundt 100 millionar kroner, mens anleggskategoriene elles fekk tildelte under 70 millionar kroner kvar.

Figurane 36 og 37 viser tildelte midlar per anleggskategori.




Figur 36 Tildelte midlar per anleggskategori




Figur 37 Tildelte midlar per anleggskategori

Figur 38 og 39 viser tildelte midlar dei siste fire åra. Totalt er det tildelt 5,9 milliardar kroner i løpet av desse fire åra.




Figur 38 Tildelte midlar per anleggskategori 2018–2021

Det er dei same anleggskategoriene som dominerer i fireårsperioden som ved tildelinga for året. 31 prosent av tilskota gjeld idrettshallar og aktivitetssalar, mens høvesvis 15 og 14 prosent gjeld symje- og stupeanlegg og fotballanlegg. Relativt høge andelar går også til idrettshus (8 prosent), mindre utandørsanlegg (7 prosent) og friluftslivsanlegg (6 prosent). 79 prosent av spelemidlane er tildelte desse seks anleggskategoriene. I tillegg fekk skianlegga 5 prosent. Tildelingane til anleggskategoriene elles er viste i figur 39.



Figur 39 Tildelte midlar per anleggskategori 2017-2020



6

Søknader og tildelingar per fylke

6.1 Talet på søknader, søknadssummar og godkjende kostnader

Tabell 20 viser talet på søknader, søknadssum og investeringar per fylke, mens tabell 21 viser det same for dei nye søknadene for året. Her er også investeringar per innbyggjar tekne med.

Fylke	Talet på søknader	Søknadssum (millionar kroner)	Investeringar (millionar kroner)
Agder	216	349	1 376
Innlandet	361	490	2 284
Møre og Romsdal	217	424	1 897
Nordland	198	466	1 950
Oslo	59	192	1 136
Rogaland	411	697	2 965
Troms og Finnmark	181	432	2 130
Trøndelag	452	843	4 094
Vestfold og Telemark	372	424	1 661
Vestland	631	1 039	4 352
Viken	635	1 514	7 792
Sum	3 733	6 868	31 636

Tabell 20 Talet på søknader søknadssum og investeringar per fylke


Fylke	Talet på nye søknader	Godkjend søknadssum (millionar kroner)	Investering (millionar kroner)	Investering per innbyggjar (kroner)
Agder	103	91	389	1 261
Innlandet	156	108	532	1 436
Møre og Romsdal	93	64	276	1 041
Nordland	91	142	609	2 533

Tabellen fortsetter på neste side

Fylke	Talet på nye søknader	Godkjend søknadssum (millionar kroner)	Investering (millionar kroner)	Investering per innbyggjar (kroner)
Oslo	57	145	732	1 051
Rogaland	133	129	521	1 079
Troms og Finnmark	75	95	295	1 217
Trøndelag	171	137	545	1 157
Vestfold og Telemark	234	163	624	1 478
Vestland	256	201	794	1 244
Viken	261	395	2 095	1 677
Sum/Gjennomsnitt	1 630	1 671	7 413	1 375

Tabell 21 Hovudtal for dei nye søknadene for året

Det er fremja 1 630 nye søknader i 2021. Søknadssummen er 1 671 millionar kroner, og tilhøyrande investeringar er 7 413 millionar kroner, noko som svarer til 1 375 kroner per innbyggjar. Investeringane per innbyggjar er også viste i figur 40.




Figur 40 Investering per innbyggjar

Søknadene frå Nordland inneheld dei største investeringane per innbyggjar med 2 533 kroner, mens dei i Viken og Vestfold og Telemark planlegg investeringar for høvesvis rundt 1 700 og 1 500 kroner per innbyggjar. Dei lågaste investeringane blir planlagde i Rogaland, Oslo og Møre og Romsdal.

Dei planlagde investeringane varierer frå år til år. Oslo hadde for eksempel det høgaste investeringstalet i 2020, mens Viken og Vestfold og Telemark låg blant dei tre fylka med lågast investeringar. For å få rettast bilete av investeringane i dei forskjellige fylka bør ein derfor sjå på situasjonen over nokre år. Tabell 22 og figur 41 viser planlagde investeringar for dei siste fire åra.

Fylke	Tal	Investering (millionar kroner)	Investering per innbyggjar (kroner)
Agder	477	1 499	4 854
Innlandet	548	2 102	5 672
Møre og Romsdal	378	1 479	6 587
Nordland	275	1 832	7 623
Oslo	202	4 302	6 173
Rogaland	498	2 670	5 531
Troms og Finnmark	287	1 478	6 105
Trøndelag	632	3 667	7 783
Vestfold og Telemark	674	1 956	4 708
Vestland	888	4 371	6 842
Viken	1 142	7 858	6 274
Sum / Gjennomsnitt	6 001	33 514	6 216

Tabell 22 Talet på søknader og investering per innbyggjar 2018–2021



Figur 41 Investeringar per innbyggjar knytte til nye søknader fremja i perioden 2017–2020

Tabellen og figuren viser at investeringsviljen varierer mellom fylka. Trøndelag har planlagt dei største investeringane per innbyggjar dei siste fire åra med 7 714 kroner, mens Vestfold og Telemark ligg lågast med 4 307 kroner per innbyggjar.

Det blir bygd og rehabilitert anlegg i nesten alle kommunar. Tabell 23 viser talet på nye spelemidelsøknader fremja av dei forskjellige kommunane²².


Talet på nye spelemidelsøknader 2018–2021	Talet på kommunar	Prosent av kommunar
0	21	6 %
1	17	5 %
2	19	5 %
3	14	4 %
4	31	9 %
5	26	7 %
6	19	5 %
7	18	5 %
8	14	4 %
9	14	4 %
10	13	4 %
11–15	33	9 %
16–20	29	8 %
21–30	35	10 %
31–40	11	3 %
41–50	16	4 %
51–75	14	4 %
75–100	6	2 %
100+	6	2 %
	356	100 %

Tabell 23 Talet på nye spelemidelsøknader

94 prosent av alle kommunar har planlagt å byggje eller rehabiliterer minst eitt anlegg dei siste fire åra, og 54 prosent av kommunane har levert åtte eller fleire nye spelemidelsøknader i perioden 2018–2021, noko som svarer til to nye søknader i året. Tolv prosent av kommunane har i gjennomsnitt fremja ti søknader årleg.


²² Alle søknader er fordelte basert på den nye kommunestrukturen. Alle søknader fremja av kommunar som er delte i to, er lagde til den eine av kommunane.

Figurane 42–45 viser investeringar per innbyggjar for dei tre søkjargruppene knytte til dei nye søknadene for året.



Figur 42 Investeringar frå det offentlege per innbyggjar


Dei største offentlege investeringane per innbyggjar blir planlagde i Nordland. Store investeringar blir også planlagde i Viken og Agder, mens kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag planlegg dei minste investeringane.



Figur 43 Investeringar frå idretten per innbyggjar


Det er idrettslaga i Nordland og Trøndelag som planlegg dei høgaste investeringane per innbyggjar, mens laga i Agder leverte søknader med dei lågaste investeringane.

Figur 44 viser investeringane frå idrettslaga per medlemskap i idretten og ikkje per innbyggjar som vist i figur 43.



Figur 44 Planlagde investeringar frå idretten i 2020 per medlemskap


Idrettslaga i Nordland planlegg dei største investeringane, følgde av Trøndelag og Vestfold og Telemark, mens dei nye spelemidelsøknadene til idrettslaga i Oslo og Agder inneheldt lågast investeringar per medlemskap. Gjennomsnittet på landsbasis er 1 037 kroner per medlemskap.



Figur 45 Investeringar frå andre søkjarar

Blant andre søkjarar blir dei høgaste investeringane planlagde i Oslo og Rogaland, mens vi finn dei lågaste investeringane frå denne gruppa i Viken og Troms og Finnmark.

Figur 46 viser andelen til dei forskjellige søkjarane av investeringar per innbyggjar i dei forskjellige fylka rangert etter andelen til det offentlege.



Figur 46 Andelen til søkjarkategoriene av investeringane i dei nye søknadene for året fordelt fylkesvis

Andelen til det offentlege av investeringane varierer frå 91 prosent i Agder til 47 prosent i Møre og Romsdal og 39 prosent i Trøndelag. I seks av fylka står det offentlege for rundt to tredelar av investeringane, mens dei ligg rundt 75 prosent i dei to fylka elles.

Andelen til idrettslaga varierer frå 53 prosent i Trøndelag og 42 prosent i Møre og Romsdal til høvesvis 18, 15 og 5 prosent i Oslo, Vestland og Agder.

6.2 Tildelingar per fylke

Tabell 24 viser tildelingsbeløpa for dei forskjellige fylka. Tildelingsbeløpa består av midlar frå hovudfordelinga og frå rentemidlar og inndregne midlar.

	Midlar frå hovudfordelinga	Rentemidlar og inndregne midlar	Total tildeling
Agder	95 306 000	5 299 000	100 605 000
Innlandet	108 577 000	5 622 000	114 199 000
Møre og Romsdal	88 182 000	0	88 182 000
Nordland	94 719 000	900 000	95 619 000
Oslo	156 299 000	7 678 000	163 977 000
Rogaland	154 381 000	600 000	154 981 000
Troms og Finnmark	80 213 000	4 655 000	84 868 000
Trøndelag	167 269 000	15 000 000	182 269 000
Vestfold og Telemark	121 492 000	3 785 000	125 277 000
Vestland	209 243 000	6 820 000	216 045 000
Viken	292 840 000	62 897 000	355 737 000
Totalt	1 568 521 000	113 238 000	1 681 759 000

Tabell 24 Tildelingar per fylkeskommune

Fylkeskommunane fordelte 1 682 millionar kroner til søkjarane for året. 1 569 millionar kroner var finansierte via hovudfordelinga, mens 113 millionar kroner kom frå rentemidlar og inndregne midlar.

Det tek av forskjellige årsaker noko tid frå Kulturdepartementet overfører spelemidlane til fylkeskommunane, og til desse blir utbetalte til søkjarane. Opptente renter i denne perioden skal leggjast til spelemidlane og utbetalast til søkjarane. Desse midlane blir kalla rentemidlar. Inndregne midlar er midlar som er tildelte søkjarar tidlegare, men som ikkje blir utbetalte. Dette kjem av at prosjekt ikkje blir gjennomførte, eller av at investeringane blir noko lågare enn gjeve opp i spelemidelsøknadene, og at utbetalt beløp derfor blir noko lågare enn tildelt beløp.

Fylkeskommunane blei opphavleg tildelt to separate tildelingsbeløp frå Kulturdepartementet, eitt til nærmiljøanleggsordninga og eitt til ordninga for ordinære anlegg. Dei seinare åra har fylkeskommunane fått ein samla sum som dei fordeler fritt blant alle søkjarane.

Midlane til nærmiljøanleggsordninga blei tidlegare fordelte til fylkeskommunane basert på søknadssummen for nærmiljøanlegg, mens midlane til dei ordinære anlegga blei fordelte basert på tre kriterium: søknadssum, innbyggjartal og anleggsdekning. Anleggsdekninga seier noko om eit fylke har mange eller få anlegg per innbyggjar, og fylke med låg anleggsdekning fekk ei betre utteljing på dette kriteriet enn fylke med mange anlegg. Søknadssummen talde 50 prosent, mens dei to andre kriteria talde 25 prosent kvar.


Dagens tildeling til fylkeskommunane byggjer på dei same prinsippa.

6.3 Ventetid på utbetaling av spelemidler

Tabell 25 og figur 47 viser estimert ventetid på utbetaling av spelemidlane i dei forskjellige fylka.

	Tildelt beløp (kroner)	Søknadssum (kroner)	Ventetid på utbetaling (år)
Agder	95 306 000	347 594 000	2,6
Innlandet	108 577 000	447 689 000	3,1
Møre og Romsdal	88 182 000	371 786 000	3,2
Nordland	94 719 000	434 258 000	3,6
Oslo	156 299 000	180 036 000	0,2
Rogaland	154 381 000	631 294 000	3,1
Troms og Finnmark	80 213 000	322 445 000	3,0
Trøndelag	167 269 000	741 978 500	3,4
Vestfold og Telemark	121 492 000	387 125 000	2,2
Vestland	209 243 000	957 740 000	3,6
Viken	292 840 000	1 256 800 000	3,3
Sum	1 568 521 000	6 078 745 500	2,9

Tabell 25 Estimert ventetid på utbetaling av spelemidler



Figur 47 Estimert ventetid på utbetaling av spelemidler

Ventetida på utbetaling av spelemidler varierer i dei forskjellige fylka. I Nordland og Vestland nærmar ventetida seg fire år, noko som betyr at dei fleste søkjarane truleg må søkje fem gonger før tildelinga kjem, mens det i Oslo i praksis ikkje er ventetid. Her får så godt som alle søkjarane heile eller delar av tildelinga første gong ein søknad blir fremja.

Idrettsanlegg og anlegg for eigenorganisert aktivitet

7.1 Talet på søknader, søknadssummar og godkjende kostnader

Tabell 26 viser ei oversikt over søknader om tilskot til dei anleggstypane som er definerte som idrettsanlegg i denne rapporten.

	Talet på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Søknadssum 2020 (mill. kroner)	Tidlegare tildelt (mill. kroner)	Total søknadssum (mill. kroner)	Spelemidelandel (prosent)
2021	1 733	21 707	4 002	553	4 555	21,0 %
2020	1 880	22 124	4 171	498	4 668	21,1 %
2019	2 035	21 086	4 151	432	4 583	21,7 %
2018	1 834	17 030	3 556	394	3 950	23,2 %
2017	2 040	16 110	3 224	409	3 633	22,6 %
2016	1 971	14 798	3 057	363	3 420	23,1 %

Tabell 26 Hovudtal idrettsanlegg

1 733 av spelemidelsøknadene for året gjaldt tilskot til idrettsanlegg. Søknadssummen er 4 002 millionar kroner, og godkjend kostnad er 21,7 milliardar kroner. Totalt vil anleggseigarar få 4,6 milliardar kroner i tilskot, noko som gjev ein spelemidelandel på 21,0 prosent.

Tabell 27 viser tilsvarande tal for nye søknader.

	Tal på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Søknadssum 2020 (mill. kroner)	Spelemidelandel (prosent)
2021	639	4 720	1 008	21,4 %
2020	598	5 487	1 029	18,8 %
2019	724	7 305	1 501	20,5 %
2018	580	5 848	1 270	21,7 %
2017	700	4 952	1 033	20,9 %
2016	626	3 398	832	24,5 %

Tabell 27 Hovudtal idrettsanlegg – nye søknader

Det blei fremja 639 nye søknader om tilskot til idrettsanlegg i 2021. Desse hadde ein spelemidelandel på 21,4 prosent. Godkjend kostnad var 4,7 milliardar kroner, og søknadssummen var 1,0 milliardar kroner. Godkjend kostnad har falle i fleire år, og summen for året er den nest lågaste i perioden.

Tabell 28 viser hovudtala for søknader om støtte til anlegg for eigenorganisert aktivitet.

	Tal på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Søknadssum 2020 (mill. kroner)	Tidlegare tildelt (mill. kroner)	Total søknadssum (mill. kroner)	Spelemidelandel (prosent)
2021	2 000	9 928	2 077	236	2 313	23,3 %
2020	1 713	9 240	1 792	273	2 065	22,3 %
2019	1 431	8 734	1 656	202	1 857	21,3 %
2018	1 572	6 348	1 365	113	1 477	23,3 %
2017	1 701	6 146	1 243	94	1 337	21,8 %
2016	1 536	5 534	1 059	58	1 118	20,2 %

Tabell 28 Hovudtal anlegg for eigenorganisert aktivitet

2 000 av spelemidelsøknadene for året gjaldt tilskot til anlegg for eigenorganisert aktivitet. Søknadssummen har for første gong passert 2 milliardar kroner og enda på 2 077 millionar kroner. Godkjend kostnad er 9 928 millionar kroner. Anleggseigar vil totalt få 2,3 milliardar kroner i spelemidlar, noko som gjev ein spelemidelandel på 23,3 prosent.

Tabell 29 viser tilsvarende tal for nye søknader.

	Tal på søknader	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Søknadssum 2020 (mill. kroner)	Spelemidelandel (prosent)
2021	991	2 692	663	24,6 %
2020	928	2 372	605	25,5 %
2019	757	3 502	742	21,2 %
2018	784	1 584	474	29,9 %
2017	921	1 597	455	28,5 %
2016	797	2 671	502	18,8 %

Tabell 29 Hovudtal anlegg for eigenorganisert aktivitet - nye anlegg

Det blei fremja nær 1 000 nye søknader om tilskot til anlegg for eigenorganisert aktivitet i 2021. Det har aldri vore fremja fleire. Desse søknadene hadde ein gjennomsnittleg spelemidelandel på 24,6 prosent. Godkjend kostnad var 2,7 milliardar kroner, og søknadssummen var 663 millionar kroner.


Tabell 30 samanliknar dei nye søknadene for året om tilskot til eigenorganisert aktivitet og til idrettsanlegg.

Hovudbruken av anlegget	Tal på søknader	Andel søknader (prosent)	Godkjend kostnad (mill. kroner)	Andel godkjend kostnad (prosent)	Godkjend søknads- sum (mill. kroner)	Andel godkjend søknads- sum (prosent)	Spelemid- andel (prosent)
Idrett	639	39 %	4 720	64 %	1 008	60 %	21,4 %
Eigenorganisert	991	61 %	2 692	36 %	663	40 %	24,6 %
Sum	1 630	100 %	7 412	100 %	1 670	100 %	21,7 %

Tabell 30 Hovudtal for idrettsanlegg og anlegg for eigenorganisert aktivitet

61 prosent av dei nye søknadene for året gjaldt tilskot til anlegg som primært blir brukte til eigenorganisert aktivitet, og 36 prosent av det totale investeringsvolumet gjaldt desse søknadene. Dei vil få 40 prosent av spelemidlane. Spelemidlane vil dekkje 24,6 prosent av kostnadene, mens tilsvarende tal for idrettsanlegg er 21,4 prosent.


Figur 48 og 49 viser høvesvis utvikling i talet på søknader og søknadssum for nye søknader knytte til eigenorganisert aktivitet og til idrettsanlegg i tillegg til andelen knytt til eigenorganisert aktivitet.



Figur 48 Talet på nye søknader for anlegg for eigenorganisert aktivitet og idrettsanlegg i tillegg til andel av anlegg for eigenorganisert aktivitet

Det har vore ein svak i andelen søknader knytte til eigenorganisert aktivitet.

Figur 49 viser utviklinga i søknadssum for anlegg for eigenorganisert aktivitet og for idrettsanlegg.



Figur 49 Utvikling i søknadssum for anlegg for eigenorganisert aktivitet og

Andelen av søknadssummen som gjeld anlegg for eigenorganisert aktivitet, har variert mellom 27 og 40 prosent i perioden og har aldri vore høgare enn i 2020.


7.2 Tildelingar

Tabell 31 samanfatar tildelingane til anlegg for eigenorganisert bruk og til idrettsanlegg. Dei same tala er viste i figur 52.

	Anlegg for eigenorganisert aktivitet (millionar kroner)	Idrettsanlegg (millionar kroner)	Andel eigenorganisert (prosent)
2021	623	1 059	37 %
2020	387	1 106	26 %
2019	463	1 109	29 %
2018	459	1 003	31 %
2017	377	973	28 %
2016	316	926	25 %

Tabell 31 Tildeling til anlegg for eigenorganisert aktivitet og til idrettsanlegg

Det har vore ein stor vekst i tildelinga til eigenorganiserte anlegg i 2020. Det er spesielt tildelingane til symje- og stupeanlegga og dei mindre utandørsanlegga som har auka. Tildelingane til desse to anleggskategoriene har auka med høvesvis 151 millionar kroner og 52 millionar kroner.



Figur 50 Tildeling til anlegg for eigenorganisert aktivitet og til idrettsanlegg


Andelen spelemidlar tildelt anlegg for eigenorganisert bruk har vakse frå 25 til 37 prosent i perioden.



Fylkeskommunale prioriteringar

8.1 Fylkeskommunale prioriteringar av søknadene for året


Figur 51 viser kor stor andel av søknadsbeløpa som blei innvilga innanfor høvesvis nærmiljøanleggsordninga og ordninga for ordinære anlegg. Figuren viser med andre ord om fylkeskommunane prioriterte å tildele midlar til nærmiljøanlegg eller til ordinære anlegg.



Figur 51 Andel av søknadsbeløp som innvilga for nærmiljøanleggsordninga og for ordinære anlegg

I ni av elleve fylke blei tildelingar til nærmiljøanlegg prioriterte høgare enn tildeling til ordinære anlegg, mens prioriteringa var tilnærma lik i Vestfold og Telemark og Rogaland.

Figur 52 viser kor stor andel av søknadsbeløpa dei forskjellige søkjarane fekk innvilga.



Figur 52 Andel av søknadsbeløp som er innvilga for dei forskjellige søkjarane

Totalt sett fekk det offentlege, idretten og andre søkjarar innvilga høvesvis 25, 34 og 36 prosent av dei aktuelle søknadsbeløpa. I sju av fylka fekk idretten den beste utteljinga, mens andre søkjarar fekk tildelt størst andel av søknadssummen i fire fylke.

8.2 Fylkeskommunal prioritering – ein gjennomgang av nye søknader fremja i 2015

Ventetida på tildeling av spelemidlar er berekna til 2,9 år i år, mens ho var 2,7 år i 2015. Dette er ei teoretisk berekning som seier noko om kor lang tid det vil ta før alle søknadene for året er tildelte spelemidlar, føresett at tildelingane kommande år vil vere like store som tildelinga for året, og at alle søknadene for året blir tildelte midlar før søknader som enno ikkje er fremja.

Fylkeskommunane står fritt til å prioritere kva for søknader som blir tildelte midlar. Nokre blir tildelte midlar første gong dei søkjer, mens andre må vente i sju-åtte år før spelemidlane blir tildelte. Nedanfor følgjer ein analyse av tildelingstidspunkt for alle nye søknader fremja første gong i 2015.

Gjennomgang av talet på søknader

Nedanfor følger ein gjennomgang av tildelingstidspunkt for søknadene som blei fremja for første gong i 2015. Totalt gjeld dette 1 351 søknader. 102 av desse, 7,5 prosent, er ikkje tekne med i tabellen nedanfor. Dette er i hovudsak prosjekt som ikkje er eller vil bli realiserte. Det kan i tillegg vere nokre tilfelle der to eller fleire søknader er slått saman, og der ein ikkje har funne tilbake til alle dei opphavlege søknadene. Søknadssummen for desse 102 søknadene utgjer berre 4,1 prosent av samla søknadsvolum, noko som betyr at det er mange små prosjekt blant desse.

Tabell 32 viser når dei forskjellige søknadene fekk den første²³ tildelinga si.

År	Søknadsrunde	Tildelte midlar første gong	Andel av søknader
2015	1	430	34 %
2016	2	386	31 %
2017	3	240	19 %
2018	4	122	10 %
2019	5	40	3 %
2020	6	12	1 %
2021	7	8	1 %
Ikkje tildelt	8+	11	1 %
Sum		1 249	100 %

Tabell 32 Første tildelingsår

Rundt ein tredel av søknadene fekk tildelt midlar første året, og omtrent same andelen fekk den første tildelinga si andre gongen dei søkte. To tredelar fekk med andre ord tildelt midlar i løpet av dei to første søknadsrundane. Fem prosent av søknadene blei ikkje innvilga før i søknadsrunde femsju, mens elleve søknader enno ikkje har blitt prioriterte av fylkespolitikarane.

I tillegg til desse elleve søknadene er det ein søknad som berre har fått tildelt delar av søknadssummen så langt. Desse tolv søknadene, som blei fremja første gong i 2015, vil derfor truleg bli fremja også i 2022.

23 Dei fleste søknadene blir innvilga i sin heilskap i eit søknadsår, men for dei største søknadene kan tildelinga fordelast ut på fleire år.

Tabell 34 viser første tildelingsåret for dei forskjellige søknadene gruppert per anleggskategori. Dei elleve søknadene som ikkje er blitt tildelt midlar, er tekne med og sette inn i tabellen med første tildelingsår i 2022.


	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022-	Sum
Bogeskyttaranlegg	1								1
Fotballanlegg	43	38	38	25	5	2	2	3	156
Friidrettsanlegg	5	8	10	3	2	1	1	3	33
Friluftslivsanlegg	88	44	19	5	1				157
Golfanlegg	2	2	1						5
Hestesportanlegg	1	3	1	1					6
Idrettshallar og aktivitetssalar	24	22	26	19	7	1		2	101
Idrettshus og servicebygg	26	21	33	21	7	3	1	2	114
Is- og skeiseanlegg	1	5	1	4					11
Kart	45	11	9	3	1				69
Klatreanlegg	11	12	9	2	2		1		37
Luftsportanlegg			1						1
Mindre utandørsanlegg	121	142	39	11	6				319
Motorsportanlegg		2	5	3		1			11
Racketsportsanlegg	6	7	5	3					21
Skateanlegg	9	13		2	2				26
Ski- og alpinanlegg	33	32	23	9	4	4	2	1	108
Skyteanlegg	2	7	8	6	1				24
Symje- og stupeanlegg	1	8	10	3	2		1		25
Sykkelanlegg	9	7	2						18
Vassportanlegg	2	2		2					6
	430	386	240	122	40	12	8	11	1 249

Tabell 33 Første tildelingsår

Tabell 35 viser kor stor andel av prosjekta som fekk den første tildelinga si dei forskjellige åra, mens figur 53 viser kor stor andel av prosjekta som hadde fått den første tildelinga si etter to søknadsrundar. Berre anleggskategoriari der det er minst 20 søknader, er tekne med i analysen.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kart	65 %	16 %	13 %	4 %	1 %			
Friluftslivsanlegg	56 %	28 %	12 %	3 %	1 %			
Mindre utandørsanlegg	38 %	45 %	12 %	3 %	2 %			
Skateanlegg	35 %	50 %		8 %	8 %			
Ski- og alpinanlegg	31 %	30 %	21 %	8 %	4 %	4 %	2 %	1 %
Klatreanlegg	30 %	32 %	24 %	5 %	5 %		3 %	
Racketsportsanlegg	29 %	33 %	24 %	14 %				
Fotballanlegg	28 %	24 %	24 %	16 %	3 %	1 %	1 %	2 %
Idrettshallar og aktivitetssalar	24 %	22 %	26 %	19 %	7 %	1 %		2 %
Idrettshus og servicebygg	23 %	18 %	29 %	18 %	6 %	3 %	1 %	2 %
Friidrettsanlegg	15 %	24 %	30 %	9 %	6 %	3 %	3 %	9 %
Skyteanlegg	8 %	29 %	33 %	25 %	4 %			
Symje- og stupeanlegg	4 %	32 %	40 %	12 %	8 %		4 %	
Totalt 1 249 søknader	34 %	31 %	19 %	10 %	3 %	1 %	1 %	1 %

Tabell 34 Andel av søknadene som fekk den første tildelinga si dei forskjellige åra



Figur 53 Andel prosjekt som har fått tildelt spelemidlar i dei to første søknadsrundane

Det er stor variasjon i kor raskt det blir tildelt spelemidlar til dei forskjellige anleggskategoriene. Over 80 prosent av prosjekta knytte til skateanlegg, friluftslivsanlegg, mindre utandørsanlegg og kart hadde fått tildelt midlar i løpet av dei to første søknadsrundane. Desse anleggskategoriene synest å vere prioriterte av fylkespolitikarane. Tildelingar til symjeanlegg, skyteanlegg, friidrettsanlegg og idrettshus og servicebygg synest å vere nedprioriterte. Innanfor desse anleggskategoriene hadde mellom 36 og 41 prosent av prosjekta blitt tildelt spelemidlar etter to søknadsrundar. Dette er under halvparten av andelen til skateanlegg, friluftslivsanlegg, mindre utandørsanlegg og kart.

Gjennomgang av tidelingsbeløp

Tabell 35 viser kor store tidelingane til «2015-søknadene» har vore i perioden 2015–2021, i tillegg til attverande søknadsbeløp som ein går ut frå er tildelt i 2022.

År	Søknadsrunde	Tildelte midlar (millionar kroner)	Andel
2015	1	207	17 %
2016	2	267	22 %
2017	3	296	24 %
2018	4	232	19 %
2019	5	120	10 %
2020	6	31	3 %
2021	7	31	3 %
2022–	8+	38	3 %
Sum		1 223	100 %

Tabell 35 Tidelingar per år


Samla tildeling ligg an til å bli 1 223 millionar kroner. Dette er 47 millionar kroner lågare enn opphavleg søknadssum. Nedgangen kjem av dei 102 søknadene som ikkje er realiserte (-52 millionar kroner), mens endeleg tildeling til ser ut til å bli 5 millionar kroner høgare enn opphavleg søknadssum for dei 1 249 prosjekta som blir realiserte.

Gjennomsnittleg ventetid på tildeling er 2,2 år, og det kjem til å gå minst sju år før alle søkjarane har fått tildeling.

Ser ein på ventetida for dei forskjellige anleggskategoriene, så varierer ho mykje. Tabell 37 og figur 54 viser reell gjennomsnittleg vegen ventetid på utbetaling for dei forskjellige anleggskategoriene. Berre anleggskategoriar med minst 20 søknader er tekne med.

Anleggskategori	Tal	Ventetid
Fotballanlegg	156	1,9
Friidrettsanlegg	33	1,9
Friluftslivsanlegg	157	0,7
Idrettshallar og aktivitetssalar	101	2,7
Idrettshus og servicebygg	113	2,1
Kart	69	0,7
Klatreanlegg	37	2,3
Mindre utandørsanlegg	319	1,0
Racketsportsanlegg	21	1,9
Skateanlegg	26	1,6
Ski- og alpinanlegg	108	1,8
Skyteanlegg	24	2,1
Symje- og stupeanlegg	25	3,2
Alle tildelingar	1249	2,2

Tabell 36 Ventetid på tildeling av spelemidlar




Figur 54 Ventetid på tildeling av spelemidlar

Ventetida varierer frå 0,7 år for kart og friluftslivsanlegg og til 3,2 år for symje- og stupeanlegg. I tillegg til at symje- og stupeanlegg får den første tildeling si relativt seint, inneheld denne anleggs-kategorien fleire store søknader der tildeling blir fordelt over fleire år.

Tre av anleggs-kategoriane har vesentleg kortare ventetid enn dei andre. Dette er naturleg nok dei same anleggs-kategoriane som ofte får den første tildeling si i dei første søknadsrundane. Tildelingar til idrettshaller og symjeanlegg er nedprioriterte av fylkespolitikarane, og her er ventetida på tildeling vesentleg lengre enn for gjennomsnittet.

I 2015 blei det totalt fremja 3 280 søknader med ein søknadssum på 3 877 millionar kroner. 1 929 søknader med eit søknadsbeløp på 2 607 millionar kroner hadde vore fremja i 2014 utan å oppnå tildeling. Desse søknadene blei fremja på nytt i 2015.

Figur 54 viser tildelingane til søknader som var fremja første gong før 2015, dei nye søknadene fremja første gong i 2015 og nye søknader som er komne til etter 2015. For desse siste har ein rekna med at tildelinga følgjer det same mønsteret som 2015-tildelingane.




Figur 55 Tildeling av spelemidler

Som eit resultat av den fylkeskommunale prioriteringa blei det i 2015 fordelt 207 millionar kroner til søknader som blei fremja for første gong, mens 919 millionar kroner blei fordelte til søknader som var fremja fleire gonger. Etter denne tildelinga stod det framleis att å fordele nær 1,7 milliardar kroner til søknader som var fremja første gong i 2014 eller tidlegare.

Frå 2016 og utover blei det fordelt midlar både til søknader som var fremja første gong før 2015, i 2015 og etter 2015.

Dersom tildelingane i staden blei gjevne basert på når søknadene blei fremja første gong, ville 2015-søknadene fått tildeling si i 2017 og 2018. Ei slik fordeling er vist i figur 55.



Figur 56 Tildeling av spelemidler

8.3 Når blei søknadene for året fremja første gong?

Tabell 37 viser når søknadene for året blei fremja²⁴ første gong.

Fremja første gong	Tal på søknader
2012	2
2013	5
2014	6
2015	21
2016	73
2017	159
2018	299
2019	599
2020	1 075
2021	1 494
Sum	3 733

Tabell 37 Året søknadene for året blei fremja første gong

Svært mange av søknadene er fremja for første gong dei siste åra, men vi ser at nokre søknader har lege svært lenge i søknadsbunken.

24 I denne analysen har ein sett på når ein søknad blei fremja første gong, uavhengig av om han blei godkjend (var formelt i orden) første året.



Anleggstilbod

Anleggsregisteret – www.anleggsregisteret.no – er hovudkjelda til anleggsdata i Noreg for alle typar idrettsanlegg og aktivitetsanlegg under eitt. Anleggsregisteret er sentral i tilskotsordningane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, både som register, og som saksbehandlingssystem for alle søknader og tildelingar av spelemidlar.

Kommunar og Den Norske Turistforening held anleggsoversikta oppdatert, og ho blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Dataa i denne rapporten er henta ut 10. desember 2021.²⁵

9.1 Atterhald og føresetnader

Dei siste fem åra er det gjort endringar i oppføringane til fleire tusen anlegg. Endringar i kommune- og fylkessamansetnaden er varetekne. Ein må likevel ta atterhald om feilregistreringar og manglande data ved bruk av registeret. Dette gjeld spesielt på detaljnivå for anten anleggstypar eller geografisk avgrensing, der enkelte feilregistreringar kan gje store utslag. Vi tør likevel påstå at på eit makronivå tilbyr registeret ei god, komparativ oversikt over idrettsanlegg i Noreg. Det er per i dag registrert om lag 59 000 eksisterande anleggseiningar i Noreg, Svalbard ikkje medrekna (gjeldande idrett og fysisk aktivitet – både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg).

Første delen av dette kapittelet viser tilbodet av ordinære anlegg i Noreg, inkludert nasjonalanlegg og regionale anlegg, brote ned på fylkesnivå. Tilbodet blir vist både for heile befolkninga, i tillegg til tilbodet til barn og unge 6–19 år, som er ei av hovudmålgruppene i idrettspolitikken til staten. Ein er nøydd til, av omsyn til atterhalda beskrivne ovanfor, å vere merksam på at dette talet vil kunne bli unøyaktig og sårbart ved at feilregistreringar kan gje store utslag i kommunar med få anlegg og/eller få innbyggjarar. Ein må sjølv vurdere om det er tenleg å gjere direkte samanlikningar mellom område med forskjellige befolkningsmessige, geografiske og/eller anleggsmessige føresetnader.

Andre delen tek for seg nærmiljøanlegg. Her blir det vist til totaloversikta, i tillegg til fordeling av anleggs kategoriar på barn og unge 6–19 år, som er målgruppa for desse anleggstypane. I tillegg er det gjort ein nærmare gjennomgang av den største kategorien: Mindre utandørsanlegg.

25 Dataa i denne rapporten er baserte på det oppdaterte idrettsanleggsregisteret som blei innført i oktober/november 2017. Derfor vil ikkje dataa i denne rapporten vere direkte samanliknbare med data i tidlegare rapportar, f.eks. 2017, 2016 osv.

9.2 Anleggstilbud – kva er det?


I tidlegare rapportar er det blitt presentert eit vektat anleggstilbud. Dette har ein valt å gå bort frå, dels fordi anleggskategoriane og underliggjande anleggstypar er i stadig endring – nye idrettar og anlegg kjem til – med behov for anlegg tilpassa «sin» aktivitet. Endringar i kommune- og fylkessamansetnaden gjer det i tillegg lite tenleg å samanlikne tidlegare anleggstilbud. Ein har valt å sjå på anleggskategoriane både for befolkninga generelt og for aldersgruppa 6–19 år spesielt, dette for å gje ein indikasjon på kva for kategoriar som har ulik dekning i fylka.

Denne rapporten tek for seg anleggskategoriar som gjeld idrett og fysisk aktivitet. Derfor er kategorien *Kulturarenaer* utelaten. Dette er ein anleggskategori som det blir gjeve spelemidlar til, men som ikkje er teken med i denne rapporten.²⁶

På grunn av manglande oppføringar er kategorien *Mindre ballanlegg* ikkje med – alle desse er registrerte under kategorien *Mindre utandørsanlegg*.

Kategorien *Samiske idrettsanlegg* er også utelaten frå rapporten, da det berre eksisterer to anlegg i denne kategorien på landsbasis, begge i Troms og Finnmark fylkeskommune. To anlegg er i tillegg under planlegging.

Dersom vi ser absolutt alle anlegg, både ordinære anlegg, nærmiljøanlegg, nasjonalanlegg og interkommunale anlegg, under eitt – vil vi få denne oversikta:



Figur 57 Nasjonal oversikt – alle anlegg

Vi ser at dersom vi tel talet på anlegg, så er kategorien mindre utandørsanlegg, som i all hovudsak er nærmiljøanlegg, den klart største kategorien, etterfølgd av friluftslivsanlegg, som kan vere både nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.

I motsett ende av skalaen finn vi aktivitetspark. Ver merksam på at denne kategorien blei lagd inn ny i juni 2021, som følgje av andel tal på søknader i tilskotsordninga Nyskapande *aktivitetsarenaer*²⁷, i tillegg til endringar i føresegnene.

26 Ei komplett oversikt over anleggskategoriar og tilhøyrande anleggstypar finst som vedlegg 2 i denne rapporten.

27 For meir informasjon om *Nyskapande aktivitetsarenaer* – sjå avsnitt 9.8.

9.3 Ordinære anlegg – nasjonal oversikt

Dei følgjande oversiktene viser anleggsdekninga fordelt på befolkninga²⁸. Tala er ikkje vekta. Ver merksam på at denne oversikta gjeld **ordinære anlegg**, inkl. nasjonalanlegg og regionale anlegg, altså anlegg av ein viss storleik. Det vil vere fleire kategoriar som har anleggstypar som høyrer til både ordinære og nærmiljøanlegg, for eksempel skateanlegg.

Tabell 38 viser anleggsdekninga på landsbasis og per fylke fordelt på **heile** innbyggjartalet, og tabell 39 viser anleggsdekninga for barn og unge 6–19 år. Begge tabellane viser hovudkategoriane.

9.3.1 Anleggstilbod per innbyggjar

Til liks med tidlegare publiserte oversikter²⁹ viser tala at Oslo kommune har den lågaste anleggsdekninga målt i tal på anlegg av ulike slag per innbyggjar, med ei dekning på 533 innbyggjarar fordelt på alle anlegga til kommunen. Dekninga er høgast i Innlandet, med 80.

Denne oversikta tek ikkje omsyn til avstandar i fylka, og ei tilsynelatande høg anleggsdekning i enkelte fylke vil derfor vere misvisande.

Det er heller ikkje mogleg å ta omsyn til varierende klimatiske forhold. Det vil vere enkelte fylke som har forhold som ligg betre til rette for enkelte anleggs kategoriar, slik som ski- og alpinanlegg, enn andre.

Ordinære anlegg anleggstilbud per innbyggjar	Agder	Innlandet	Møre og Romsdal	Nordland	Oslo	Rogaland	Troms og Finnmark	Trøndelag	Vestfold og Telemark	Vestland	Viken
Aktivitetspark			265 544						421 882		1 252 384
Bogeskyttaranlegg	102 948	185 302				80 441	80 723	235 562	60 269	319 411	139 154
Fotballanlegg	1 471	685	697	914	2 733	1 341	850	1 020	1 102	1 503	1 585
Friidrettsanlegg	4 679	4 118	3 361	5 114	27 880	4 428	6 727	5 964	6 204	4 596	10 265
Friluftslivsanlegg	369	308	242	386	2 420	727	759	743	617	644	652
Golfanlegg	18 167	24 707	26 554	30 043	139 402	18 563	17 298	18 120	22 204	29 037	19 267
Hestesportanlegg	6 863	4 691	4 085	10 925	25 815	8 044	6 373	10 024	7 274	10 472	8 239
Hundesportanlegg		185 302		120 173		482 645		471 124	210 941		313 096
Idrettshallar og aktivitetssalar	1 144	927	848	932	3 098	1 557	781	1 187	1 344	1 521	1 702
Idrettshus og servicebygg	778	631	752	829	4 943	1 415	1 044	730	1 110	1 306	1 489
Is- og skeiseanlegg	20 590	10 295	66 386	30 043	33 191	30 165	48 434	52 347	35 157	91 260	24 557
Kart	908	734	2 482	1 196	7 921	2 155	1 001	1 270	1 057	1 978	1 648
Klatreanlegg	15 442	17 648	7 587	10 014	58 084	15 569	7 812	22 434	17 578	13 309	30 546
Luftsportanlegg	154 422	24 707	24 140	60 086			242 168	157 041	84 376	106 470	208 731
Mindre utandørsanlegg	9 359	9 039	2 629	14 138	49 786	12 066	17 298	10 024	7 813	12 053	16 265
Motorsportanlegg	10 295	9 753	14 752	11 445	697 010	24 132	10 090	10 707	17 578	30 420	23 192
Racketsportsanlegg	4 902	10 295	8 298	12 017	10 102	11 772	48 434	18 120	7 960	12 526	8 946
Skateanlegg	44 120	41 178	66 386	120 173	348 505	40 220	242 168	52 347	60 269	91 260	59 637
Ski- og alpinanlegg	2 190	807	1 713	1 551	14 830	25 402	1 953	1 630	2 526	3 609	3 131
Skyteanlegg	1 355	906	1 185	1 045	34 851	4 056	1 360	1 040	2 344	1 930	2 642
Symje- og stupeanlegg	4 174	3 530	3 278	2 701	15 489	5 135	2 222	5 415	5 208	5 152	6 697
Sykkelanlegg	4 174	74 121	132 772	240 345	348 505	80 441	121 084	78 521	140 627		113 853
Vassportanlegg	8 579	21 800	10 213	10 450	33 191	16 643	60 542	24 796	14 548	14 196	22 771
Totalsum	109	80	86	104	533	191	122	128	143	171	181

Tabell 38 Ordinære anlegg anleggstilbud per innbyggjar

28 Befolkningstal: SSB per 15.12.2021.

29 Vekta oversikter, så ikkje direkte samanliknbare.


9.3.2 Anleggstilbud barn og unge 6–19 år

Ordinære anlegg barn og unge 6-19 år	Agder	Innlandet	Møre og Romsdal	Nordland	Oslo	Rogaland	Troms og Finnmark	Trøndelag	Vestfold og Telemark	Vestland	Viken
Aktivitetspark			45 247						69 007		219 104
Bogeskytaranlegg	18 242	28 655				14 781	12 766	38 660	9 858	54 274	24 345
Fotballanlegg	261	106	119	146	382	246	134	167	180	255	277
Friidrettsanlegg	829	637	573	819	3 892	814	1 064	979	1 015	781	1 796
Friluftslivsanlegg	65	48	41	62	338	134	120	122	101	109	114
Golfanlegg	3 219	3 821	4 525	4 809	19 461	3 411	2 736	2 974	3 632	4 934	3 371
Hestesportanlegg	1 216	725	696	1 749	3 604	1 478	1 008	1 645	1 190	1 779	1 441
Hundesportanlegg		28 655		19 238		88 688		77 319	34 504		54 776
Idrettshallar og aktivitetssalar	203	143	145	149	432	286	124	195	220	258	298
Idrettshus og servicebygg	138	98	128	133	690	260	165	120	182	222	261
Is- og skeiseanlegg	6 841	1 592	11 312	4 809	4 633	5 543	7 660	8 591	5 751	15 507	4 296
Kart	161	113	423	191	1 106	396	158	208	173	336	288
Klatreanlegg	2 736	2 729	1 293	1 603	8 109	2 861	1 235	3 682	2 875	2 261	5 344
Luftsportanlegg	27 364	3 821	4 113	9 619			38 299	25 773	13 801	18 091	36 517
Mindre utandørsanlegg	1 658	1 398	448	2 263	6 950	2 217	2 736	1 645	1 278	2 048	2 846
Motorsportanlegg	1 824	1 508	2 514	1 832	97 303	4 434	1 596	1 757	2 875	5 169	4 057
Racketsportsanlegg	869	1 592	1 414	1 924	1 410	2 163	7 660	2 974	1 302	2 128	1 565
Skateanlegg	7 818	6 368	11 312	19 238	48 652	7 391	38 299	8 591	9 858	15 507	10 434
Ski- og alpinanlegg	388	125	292	248	2 070	4 668	309	268	413	613	548
Skyteanlegg	240	140	202	167	4 865	745	215	171	383	328	462
Symje- og stupeanlegg	740	546	559	432	2 162	943	351	889	852	875	1 172
Sykkelanlegg	54 727	11 462	22 624	38 475	48 652	14 781	19 150	12 887	23 002		19 919
Vassportanlegg	1 520	3 371	1 740	1 673	4 633	3 058	9 575	4 069	2 380	2 412	3 984
Totalsum	19	12	15	17	74	35	19	21	23	29	32

Tabell 39 Ordinære anlegg barn og unge 6–19 år

På same måten som i oversikta for befolkninga generelt, så ser vi at Oslo har den lågaste anleggsdekninga for barn og unge 6–19 år. Innlandet har høgast anleggsdekning også for denne aldersgruppa, tett følgt av Møre og Romsdal og deretter Nordland. Utfordringa med slike oversikter er at dei ikkje tek omsyn til geografi – avstandar mellom anlegga og kor tilgjengelege anlegga er generelt.

9.3.3 Ordinære anlegg – anleggstilbud i Noreg




Figur 58 Anleggstilbud i Noreg – anleggsategoriar

Diagrammet viser ei oversikt over det totale anleggstilbudet i Noreg rangert frå kategorien med flest anlegg til kategorien med færrest anlegg. I tillegg blir det gjeve totalt tal per kategori.³⁰ Det er i dette diagrammet ikkje teke omsyn til typen og storleiken på anlegga – då det er brukt anleggsategoriar. Friluftslivs anlegg – som inkluderer følgjande anleggstypar: badeplassar, dagsturhytter, friluftsområde, gapahukar, overnattingshytter, sanitærbygg, sikringshytter, småbåthamner, tur-/skiløyper, turstiar og turvegar – er den desidert største kategorien når det gjeld tal, mens aktivitetspark med tre stykk er, som forventta, minst. Friluftsliv skjer også andre stader enn i anlegga som oversikta viser, for eksempel på fjellet, ved sjøen osv.

30 OBS, det blir teke atterhald om oppdatert anleggsregister, der data er henta ut frå. Ansvaret for oppdatering er det kommunane som har.

Dette vil gje denne prosentvise fordelinga:



Figur 59 Prosentvis fordeling av anleggskategoriar på landsbasis

Som vist i figuren er det flest anlegg i kategorien friluftslivsanlegg. Fleire av anleggstypene i denne kategorien er ikkje nødvendigvis kostbare verken å byggje eller rehabiliterer – og dette får positive følgjer for talet. I tillegg har vi sterke tradisjonar i Noreg for å nytte desse anlegga.

Diagrammet viser også at det til ein viss grad er samanheng mellom kostnad og talet på anlegg i kvar kategori, med enkelte unntak.³¹


9.4 Kven eig dei ordinære anlegga?

Rapporten for året tek også for seg eigarskapen til anlegg – og då i særleg anlegga som frivilligheita eig. Dette inkluderer både idrettslag, turistforeningar, Det frivillige Skyttervesen, friluftsråd, velforeningar o.l.

Tala som peiker seg ut, er interessante – det er samanheng mellom eigarskapen og kostnadene ved bygging og drift av anlegga. Dei dyrare anlegga, for eksempel symjeanlegg og ishallar, er stort sett eigde av det offentlege. Dei rimelegare anlegga, slik som friluftslivsanlegg og kart, er det i større grad frivilligheita som eig. Fotballanlegg fordeler seg omtrent 50-50.

³¹ Idrettshallar og aktivitetssalar er, som tidlegare nemnt, ofte bygde i samband med skolebygg. Fotballanlegg og talet på dei kjem i stor grad av talet på medlemskapar i Norges Fotballforbund. Idrettshus og servicebygg inkluderer garderobar, klubbhus og servicebygg – og vil vere ein anleggskategori som er tett knytt opp mot andre anleggskategoriar.

Data henta ut av anleggsregisteret, og samanlikna med frivilligregisteret, viser at fordelinga ser slik ut:



Figur 60 Tal på anlegg med eigarar registrerte i frivilligregisteret

Det er nokre interessante tal som peiker seg ut. I den talmessig største kategorien av dei ordinære anlegga, friluftslivsanlegga, med dei totalt 9263 anlegga sine, utgjer andelen frivilligheita eig, om lag 41 prosent. Anleggskategorien som deretter kjem på lista, idrettshus og servicebygg, som totalt har 4696 ordinære anlegg, har 83,5 prosent andel som er eigd av frivilligheita. I fotballanlegga er litt under halvparten eigd av frivilligheita, 47,2 prosent.

I den andre enden av skalaen finn ein blant anna symje- og stupeanlegg. Det totale talet på ordinære anlegg på landsbasis er 1078. 24 av desse anlegga er eigde av frivilligheita, noko som utgjer 2,2 prosent.

Samanfatta får vi følgjande oversikt:

Anleggskategori	Total tal på anlegg	Anlegg frivilligheita eig	Prosentvis andel eigd av frivilligheita
Friluftslivsanlegg	9263	3793	40,9
Idrettshus og servicebygg	4696	3293	70,1
Fotballanlegg	4355	2057	47,2
Idrettshallar og aktivitetssalar	3953	383	9,7
Kart	3560	3008	84,5
Skyteanlegg	2846	2170	76,2
Ski- og alpinanlegg	2133	1313	61,6
Symje- og stupeanlegg	1076	24	2,2
Friidrettsanlegg	860	333	38,7
Hestesportanlegg	654	345	52,8
Racketsportsanlegg	536	264	49,3
Mindre utandørsanlegg	491	110	22,4
Klatreanlegg	308	74	24,0
Vassportanlegg	304	199	65,5
Motorsportanlegg	295	211	71,5
Golfanlegg	227	141	62,1
Is- og skeiseanlegg	177	52	29,4
Skateanlegg	81	3	3,7
Luftsportanlegg	53	36	67,9
Sykkelanlegg	39	21	53,8
Bogeskyttaranlegg	34	19	55,9
Hundesportanlegg	12	12	100,0
Aktivitetspark	3	0	0,0
Samiske idrettsanlegg	2	2	100,0


Tabell 40 Ordinære anlegg – andel eigarar registrerte i frivilligregisteret

9.5 Nærmiljøanlegg – nasjonal oversikt

Nærmiljøanlegg er mindre anlegg som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Dette kan vere ved leikeplassen, i parken, i skolegården, i byområda, men også i nærleiken av ordinære anlegg. Desse anlegga er for eigenorganisert fysisk aktivitet. Dette betyr at det ikkje kan vere fast leige av desse anlegga, slik som for eksempel ordinære anlegg. Anlegga er utandørs. I anleggsregisteret finst det per 19 989 eksisterande nærmiljøanlegg i Noreg.

Utan samanlikning er kategorien **mindre utandørsanlegg** størst i denne anleggsklassen. På landsbasis utgjør denne kategorien nesten 67 prosent av alle nærmiljøanlegg. Denne kategorien inneheld følgjande anleggstypar:

- Ballbinge
- Baseballpitch
- Cricketpitch
- Diskgolfanlegg
- Fleirbruksområde (ute)
- Hinderløype
- Lita balløkke/-bane
- Parkouranlegg
- Petanqueanlegg
- Sandhandballbane
- Sandvolleyballbane
- Timpark



Figur 61 Nærmiljøanlegg – Nasjonal oversikt – prosent

Dei fleste anleggskategoriær dekkjer både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Slik som fotballanlegg, ski- og alpinanlegg, friluftslivsanlegg m.m. Derfor vil sjølve anleggskategoriær stort sett vere lett gjenkjennelege. Det vil derimot vere ulike anleggstypar som vil kunne gjelde for nærmiljøanlegga.

For å få tilskot må nærmiljøanlegga, som nemnt, vere fritt, allment tilgjengelege. Dei skal vere for eigenorganisert fysisk aktivitet og først og fremst vere retta mot barn og unge 6–19 år, men også for lokalbefolkninga elles. Sidan anlegga som blir bygde, stort sett er retta mot barn og unge, så har vi sett på anleggsdekninga blant denne aldersgruppa.

Tabell 43 viser at på same måten som for ordinære anlegg er det også lågast anleggsdekning for nærmiljøanlegg i Oslo. Det er i gjennomsnitt 96 barn og unge 6–19 år per nærmiljøanlegg i Oslo, mot 74 barn og unge 6–19 år per ordinære anlegg, altså 22 færre nærmiljøanlegg per barn og unge enn ordinære anlegg. Det same gjeld for fylka elles. Den største forskjellen finn vi i Viken, med 58 barn og unge per nærmiljøanlegg og 32 per ordinære – nesten nøyaktig dei same tala som for fjoråret. Dei minste forskjellane finn vi i Vestland og Rogaland med elleve færre nærmiljøanlegg per barn og unge, samanlikna med ordinære anlegg.

Ver merksam på at ordinære anlegg blir brukte av innbyggjarar i alle aldrar, frå dei heilt yngste til dei heilt eldste. Samanlikninga over betyr ikkje at dei ordinære anlegga er meir tilgjengelege for barn og unge, snarare tvert imot, da ein i nærmiljøanlegg ikkje har anledning til å reservere fast treningstid eller gjennomføre organiserte aktivitetar.

9.5.1 Anleggstilbod barn og unge 6–19 år

Barn og unge 6-19 per anlegg	Agder	Viken	Vestland	Innlandet	Vestfold og Telemark	Rogaland	Trøndelag	Møre og Romsdal	Troms og Finnmark	Nordland	Oslo
Aktivitetspark	18 242										
Bogeskyttaranlegg					97 303						
Fotballanlegg	2 189	1 976	2 662	3 848	3 742	5 913	2 946	1 933	2 300	2 857	3 714
Friluftslivs-anlegg	6 841	28 655	15 082	12 825	12 163	22 172	7 660	7 732	9 858	9 046	12 172
Friluftslivs-anlegg	334	409	148	250	2 862	710	224	409	605	231	940
Golfanlegg	9 121	19 103	22 624	12 825	16 217	29 563	38 299	25 773	11 501	54 274	16 854
Hestesportanlegg	54 727	57 310	22 624	19 238		88 688	12 766		69 007	27 137	36 517
Idrettshallar og aktivitetssalar			15 082			88 688	38 299	77 319		15 507	219 104
Idrettshus og servicebygg	18 242	7 164	2 381	19 238	48 652	12 670	2 946	5 948	13 801	6 784	8 764
Is- og skiseanlegg	27 364	4 408		38 475	48 652	88 688	38 299	15 464	13 801	27 137	21 910
Kart	782	268	1 740	323	1 474	1 069	660	385	633	584	562
Klatreanlegg	1 479	2 492	5 027	2 748	3 604	1 008	2 394	4 069	2 226	1 206	3 130
Luftsportanlegg									69 007		219 104
Mindre utandørsanlegg	39	46	54	57	130	59	73	69	62	63	87
Motorsportanlegg			22 624	12 825				15 464	34 504	108 547	
Racketsportsanlegg	1 955	14 328	9 049	19 238	2 780	12 670	19 150	8 591	9 858	6 385	3 778
Skateanlegg	1 033	1 433	1 885	1 832	4 054	1 232	1 596	2 864	1 000	2 310	1 873
Ski- og alpinanlegg	424	421	1 131	370	3 355	4 927	473	729	842	2 010	1 369
Skyteanlegg	54 727	28 655	45 247	38 475			38 299	38 660	34 504	21 709	219 104
Symje- og stupeanlegg	13 682							77 319	34 504		
Sykkelanlegg	1 824	2 388	3 771	2 405	32 434	3 285	2 553	2 494	5 308	3 502	2 961
Vasssportanlegg	4 210		5 656	19 238	97 303	29 563	19 150	19 330	69 007	15 507	54 776
Totalsum	28	30	34	34	96	46	41	43	43	40	58

Tabell 41 Nærmiljøanlegg barn og unge 6–19 år

9.6 Nasjonalanlegg

Formålet med tilskotsordninga for nasjonalanlegg er å etablere anlegg som skal brukast til presentasjon av internasjonal eliteidrett og vere ein arena for internasjonale meisterskapar og konkurransar i Noreg. Idrettsanlegg med høg kvalitet er ein avgjerande føresetnad for å kunne arrangere internasjonale meisterskapar og andre store idrettshendingar. Samtidig er det eit mål at nasjonalanlegga skal fungere som senter for dei respektive særiddrettane.

Nasjonalanlegga blir rekna som eit viktig bidrag til utvikling av dei idrettane som har slike anlegg. Status som nasjonalanlegg gjev som hovudregel rett til å søkje om tilskot på inntil 50 prosent av godkjende kostnader ved utbygging eller rehabilitering av anlegga.

Det er per i dag sju anlegg som har status som nasjonalanlegg:

Kvitfjell – alpine fartsdisiplinar
Vikingskipet – hurtigløp skeiser
Vikersund – skiflyging
Holmenkollen – skiskyting
Ullevaal – fotball
Holmenkollen – nordiske greiner
Hafjell – alpine, tekniske disiplinar

For 2021 blei det tildelt følgjande i tilskot frå spelemidlane til desse anlegga:

Holmenkollen	4,55 mill. kroner
Vikersund	2,80 mill. kroner
Vikingskipet	4,80 mill. kroner
Hafjell	1,25 mill. kroner
Kvitfjell	0,93 mill. kroner
Ullevaal stadion	8,90 mill. kroner

I tillegg blei det tildelt 3,765 mill. kroner til Vikersund på statsbudsjettet for 2022.

9.7 Nyskapande aktivitetsarenaer

I 2017 blei det lansert ei ny tilskotsordning retta mot anlegg for eigenorganisert aktivitet. Ordninga, Nyskapande aktivitetsarenaer, blei oppretta i første omgang for tre år og deretter forlengd i to år til. Målet med ordninga var å bidra til nye idear om og etablering av nye typar anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet.

I denne perioden er det løyvd til saman 175 mill. kroner. 53 anleggsprosjekt er gjevne tilsegn. Av desse er tre tilsegner trekte tilbake, da anleggsprosjekta er skrinlagde. Dei fordeler seg over heile landet.

År	Ramme	Tildeling
2017	35 000 000	33 162 000
2018	40 000 000	42 224 000
2019	40 000 000	36 800 000
2020	30 000 000	37 187 000
2021	30 000 000	32 155 000

Tabell 42 Ramme og tildelingar Nyskapande aktivitetsarena³²

Mesteparten av anleggsprosjekta består av aktivitetsparkar. 52 av totalt 54 anlegg som har fått tilsegn, er aktivitetsparkar, eller aktivitetsområde i tilknytning til skole. Denne anleggstypen blei teken inn i føresegnene i juni i 2021. Det betyr at det frå og med 2022 er anledning til å søkje spelemidlar til aktivitetspark som eit ordinært anlegg.

³² Tildelinga er samla sett høgare enn ramma, da tilsegner som er tilbaketrekte, er tildelte etterfølgjande år.

Vedlegg 1

Anleggsvekting og fordelingskriterium

Tildelingskriterium ordinære anlegg

Auka tilskot til utvalde geografiske område for ordinære anlegg (inkl. anlegg med interkommunal status)

Det blir gjeve eit auka tilskot til enkelte geografiske område. Desse er

- Troms og Finnmark: Tillegg på 25 prosent av ordinært tilskot
- Nordland og Namdalen: Tillegg på 20 prosent av ordinært tilskot
- Kommunar definerte som pressområde: Tillegg på 15 prosent av ordinært tilskot³³

Særskilt tilskot til større interkommunale idrettsanlegg

Da det kan vere gunstig at fleire kommunar går saman om å byggje og drifte idrettsanlegg det elles ville vore vanskeleg å realisere for ein kommune. Særskilt tilskot for interkommunale anlegg kan tildelast eitt anlegg per anleggstype i samarbeidande kommunar. Interkommunale idrettsanlegg kan få eit tillegg på 30 prosent av ordinært tilskot føresett at vilkåra i føresegnene er oppfylte.

Fordelinga av spelemidlar til fylkeskommunane baserer seg på ein utrekningsmodell som vektar forskjellige kriterium saman med søknadssummane for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Fordeling av midlar med utgangspunkt i ordinære anlegg baserer seg på tre kriterium – søknadsvolum, innbyggjartal og anleggsvekting:

- Godkjend søknadssum tel 50 prosent.
- Innbyggjartal tel 25 prosent.
- Anleggsvekting tel 25 prosent.

Midlar til nærmiljøanlegg blir fordelte berre basert på søknadssum.

Det første kriteriet sikrar god tildeling til fylke med stort søknadsvolum og bidreg til å jamne ut udekt behov mellom fylka.

Det andre kriteriet sikrar alle fylka eit visst tilskot uavhengig av søknadsvolum og anleggsdekning. Kriteriet bidreg til at fylke med lågt søknadsvolum får lågare sum i udekt behov, og at tilskot kan utbetalast raskare til søkjar. Kriteriet kan seiest å ha ein stimulerande effekt på anleggsbyggjarar i fylke med låg utbyggingsaktivitet.

Det tredje kriteriet skal sikre større tildeling til fylke med låg anleggsdekning, noko som vil bidra til lågare sum udekt behov i desse fylka. Kriteriet kan, på same måte som kriterium to, seiest å ha ein stimulerande effekt på potensielle anleggseigarar.

Anleggsvekting

I mange samanhengar kan det finnast eit behov for å illustrere korleis tilgangen til idrettsanlegg er i eit område. For forskjellige anleggstypene, som fotballbaner, symjeanlegg og ishallar, kan dette lett illustrerast ved å berekne kor mange innbyggjarar eller idrettsutøvarar ein har per anlegg.

³³ Tillegget er tidsavgrensa og gjeld til og med søknadsåret 2023: Fredrikstad, Moss, Sarpsborg, Bærum, Ullensaker, Lillestrøm, Lørenskog, Drammen, Oslo, Sandefjord, Kristiansand, Sandnes, Stavanger, Sola, Askøy, Bergen, Trondheim, Bodø, Tromsø

Dersom ein skal prøve å illustrere det samla anleggstilbodet i eit område, blir det straks vanskelegare, da ein må sjå fleire anleggstypar i samanheng.

Kulturdepartementets modell ved fordeling av spelemidlar

Kulturdepartementet har utvikla ein modell for å berekne anleggstettleiken i samband med tildeling av spelemidlar til fylkeskommunane. Modellen baserer seg på at ein tel talet på anlegg for 16 anleggstypar og multipliserer talet med ei «vekt» som tek omsyn til brukarpotensial og anleggskostnad. Dei 16 anleggstypane og vektninga er som følger:

- Fleirbrukshall, liten – vekt 2
- Fleirbrukshall, normalhall – vekt 4
- Fleirbrukshall, stor – vekt 6
- Fotball, gras og grusbane større enn 90 x 45 m – vekt 1
- Fotball, kunstgras – vekt 5
- Fotballhall, minimum 40 x 60 m – vekt 4
- Friidrettsbane, fast dekke – vekt 3
- Friluftsliv, turstiar/-vegar – vekt 1
- Ishall – vekt 5
- Klubbhus – vekt 1
- Kunstisbane, bandy/hurtigløp – vekt 5
- Ridebaner – vekt 1
- Ridehallar – vekt 3
- Skianlegg, langrenn – vekt 1
- Symjebasseng (12,5–24 m) – vekt 4
- Symjebasseng (25 m–) – vekt 6

Resultatet som kjem fram når ein multipliserer talet på anlegg med oppgjeven vekt for dei 16 anleggstypane og dividerer med innbyggjartalet, er definert som anleggstettleik.


Følgjande anleggsvektning låg til grunn for fordelingar i 2021

Fylke	2021
Agder	169,322
Innlandet	134,814
Møre og Romsdal	119,025
Nordland	133,081
Oslo	588,691
Rogaland	203,476
Troms og Finnmark	142,788
Trøndelag	184,9
Vestfold og Telemark	196,59
Vestland	190,012
Viken	258,117

Vedlegg 2

Anleggskategoriar med tilhøyrande anleggstypar

Anleggskategori	Anleggstype
Aktivitetspark	Ballareal (aktivitetspark), Fleiraktivitetsområde (aktivitetspark), Utandørs treningsanlegg
Bogeskyttaranlegg	Bogeskyttarbane (ute), Bogeskyttarhall
Fotballanlegg	Fotball treningsfelt, Fotballbane gras, Fotballbane grus, Fotballbane kunstgras, Fotballhall
Friidrettsanlegg	Friidrett treningsanlegg (inne), Friidrett treningsanlegg (ute), Friidrettshall, Friidrettsstadion grus, Friidrettsstadion kunststoff, Friplassen
Friluftslivsanlegg	Badeplass, Dagsturhytte, Friluftsområde, Gapahuk, Lager- og garasjebygg for friluftslivsanlegg, Overnattingshytte, Sanitærbygg, Sikringshytte, Småbåthamn, Tur-/skiløype, Turpadleanlegg, Tursti, Turveg
Golfanlegg	Driving range, Golfbane, Golfhall, Kortholsbane, Minigolfbane
Hestesportanlegg	Galoppbane, Ridebane, Ridehall, Rdesti, Stall, Travbane
Hundesportanlegg	Agilityhall, Agilityområde, Hundekøyringsanlegg
Idrettshallar og aktivitetssalar	Biljardhall, Bowlinghall, Danse-/cheerleadingssal, Fleiraktivitetssal, Fleiridrettshall, Kampidrettsanlegg, Turnhall
Idrettshus og servicebygg	Garderobebygg, Klubbhus, Lager- og garasjebygg, Sanitæranlegg (frittstående)
Is- og skeiseanlegg	Bandybane (ute), Bob-/skeleton-/akeanlegg, Curlinghall, Hurtigløpsbane (ute), Hurtigløpshall, Ishall, Ishockeybane (ute), Rulleskeisebane
Kart	Nærmiljøkart, Orienteringskart, Turkart
Klatreanlegg	Klatre/buldrebygg (inne), Klatre/buldrebygg (ute), Klatreførar, Klatrehall, Klatrerute fjellvegg
Luftsportanlegg	Avgangs- og landingsanlegg, Flyhangar, Modellflyanlegg
Mindre utandørsanlegg	Ballbinge, Baseballpitch, Cricketpitch, Diskgolfanlegg, Fleirbruksområde (ute), Hinderløype, Lita balløkke/-bane, Mindre isflate (ute), Parkouranlegg, Petanquebane, Sandhandballbane, Sandvolleyballbane, Trimpark
Motorsportanlegg	Anlegg for radiostyrt motorsport, Baneracing/roadracingbane, Bilcross/rallycrossbane, Dragracingbane, Gokartbane, Motocrossbane, Snøscooterbane, Speedway/longtrackbane, Trial/enduroløype
Racketsportsanlegg	Bordtennisbord (ute), Bordtennishall, Padeltennisbane, Squashanlegg, Tennisbane (ute), Tennishall
Samiske idrettsanlegg	Lassokastingsanlegg, Reinkappkøyringsanlegg
Skateanlegg	Skatehall, Skatepark
Ski- og alpinanlegg	Akebakke, Alpinbakke, Freestyle- og snowboardanlegg, Hoppbakke, Langrennsanlegg, Skileikanlegg, Skiskyttaranlegg
Skyteanlegg	Feltskytebane (ute), Leirduebane (ute), Pistolbane (ute), Riflebane (ute), Skytebane (inne), Viltmålbane (ute)
Symje- og stupeanlegg	Opplæringsbasseng (inne), Opplæringsbasseng (ute), Stupebasseng (inne), Stupebasseng (ute), Trenings-/konkurransbasseng (inne), Trenings-/konkurransbasseng (ute)
Sykkelanlegg	BMX-anlegg, Downhillsykkelløype, Terrengsykkelløype, Velodrom (inne), Velodrom (ute)
Vassportanlegg	Båthus, Castinganlegg, Motorbåtanlegg, Ro-/padleanlegg, Seglanlegg, Vasskianlegg



Utgjeve av:
Kultur- og likestillingsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00
Publikasjoner er også tilgjengelige på:
www.regjeringa.no

Publikasjonskode: V-1033 N
Design og ombrekking: Konsis
Forsidefoto: Ole Martin Anmarkrud, Konnerud IL
Trykk: Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
07/2022 – opplag 600



Kultur- og
likestillingsdepartementet

